



KONTROLLUTVALET I AUKRA KOMMUNE

Aukra, 18. februar 2019

Til medlemmene i kontrollutvalet

MØTEINNKALLING

MØTE NR.: 1/19

TID: 25.2.2019 kl. 09:30

STED: Kommunestyresalen, Aukra kommunehus

SAKSLISTE:

UTV. SAKSNR.	TITTEL
PS 01/19	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 10. DESEMBER 2018
PS 02/19	REFERAT OG ORIENTERINGAR
PS 03/19	BESTILLING AV FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT
PS 04/19	KONTROLLUTVALET. ÅRSMELDING FOR 2018
PS 05/19	MØTEPLAN FOR 2019
PS 06/19	ARBEIDSPLAN 2019. KONTROLLUTVALET I AUKRA KOMMUNE
PS 07/19	OPPFØLGINGSLISTE
PS 08/19	EVENTUELT

Dersom det er saker kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i seinare møte, kan dette gjerast under **Eventuelt**.

Eventuelle forfall vert melde på tlf. 71 11 15 79, evt. mobil 91 37 11 12.

E-post: jane.anita.aspen@molde.kommune.no

Innkallinga går som melding til varamedlem som vert innkalla etter behov.

Oddvar Hoksnes (s)
leiar

Jane Anita Aspen (s)
daglig leder

Kopi:
Ordfører
Rådmann
Møre og Romsdal Revisjon IKS



Saksframlegg

Utvallssaksnr	Utval	Møtedato
PS 01/19	Kontrollutvalet	25.2.2019

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 10. DESEMBER 2018

Sekretariatet si tilråding

Protokollen frå møte 10. desember 2018 vert godkjend.

Til å signere protokollen vert valt:

1.
2.

Bakgrunn for saka

Vedlagt følgjer protokollen frå førre møte. Protokollen er tidlegare utsendt.
Det er ikkje kome merknader til protokollen.

Protokollen vert formelt godkjent i dette møte samtidig som det vert valt to medlemmer til å signere protokollen.

Jane Anita Aspen
daglig leder



KONTROLLUTVALET I AUKRA KOMMUNE

MØTEPROTOKOLL

Møte nr: 6/18
Møtedato: 10.12.2018
Tid: Kl. 09.30 – kl. 15.20
Møtestad: Kommunestyresalen, Aukra kommunehus
Sak nr: 32/18 – 39/18
Møteleiar: Oddvar Hoksnes, leiar (Krf)
Møtande medlemmer: Ole Rakvåg, nestleiar (H)
Håkon Inge Sporsheim (Frp)
Wilhelm Andersen (Ap)
Oddbjørg Sporsheim (V)
Forfall: Ingen
Ikkje møtt: Ingen
Møtande vara: Ingen
Frå sekretariatet: Jane Anita Aspen, daglig leder
Frå revisjonen: Ronny Rishaug, oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor
Av øvrige møtte: Erna Varhaugvik, økonomisjef (under RS 40/18)

Leiaren ønska velkommen og leia møtet.

Det framkom ingen merknader til innkalling.

Det vart framsett forslag om tre ekstra referatsaker; RS 38/18, RS 39/18 og RS 40/18.

Saklista vart godkjent med desse endringane

TIL HANDSAMING:

UTV. SAKSNR.	TITTEL
PS 32/18	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 2. OKTOBER 2018
PS 33/18	REFERAT OG ORIENTERINGAR
PS 34/18	INTERIMRAPPORT REKNESKAPSREVISJON – REVISJONSÅRET 2018
PS 35/18	VURDERING AV KONTROLLUTVALET SITT TILSYNSANSVAR FOR REVISJON
PS 36/18	BESTILLING AV FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT
PS 37/18	OPPFØLGINGSLISTE
PS 38/18	DELTAING PÅ KONTROLLUTVALSKONFERANSAR I 2019
PS 39/18	EVENTUELT

PS 32/18	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 2. OKTOBER 2018
-----------------	---

Kontrollutvalet sitt vedtak

Protokollen frå møte 2. oktober 2018 vert godkjend.

Til å signere protokollen vert valt:

1. Ole Rakvåg
2. Wilhelm Andersen

Kontrollutvalet si handsaming

Ole Rakvåg og Wilhelm Andesen vert peika ut til å underskrive protokollen.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med felles tilråding frå utvalet sine medlemmer (5 voterande)

Sekretariatet si tilråding

Protokollen frå møte 2. oktober 2018 vert godkjend.

Til å signere protokollen vert valt:

1.
2.

PS 33/18	REFERAT OG ORIENTERINGAR
-----------------	---------------------------------

Kontrollutvalet sitt vedtak

Referat- og orienteringssakene vert teke til orientering.

Kontrollutvalet si handsaming

Referatsaker:

- RS 34/18 **Rapportering for Aukra kommune 1. halvår 2018, Barneverntjenesten Molde, Midsund, Aukra og Eide**, datert 6.11.2018.
Rapporten viser at det ikkje er fristbrot, men utvalet ser at det er ein liten del av stillingane som går til tiltak. Den største delen går til fagstillingar nytt til saksbehandling. Utvalet ønskjer at rådmannen undersøker, og gjev tilbakemelding til utvalet, om barnehagar og skular i Aukra kommune er fornøgd med den samhandlinga dei har med barnevernstenesta.
- RS 35/18 **Lukking av møter i kontrollutvalget – Saksbehandling, føring av møtebok og hjemmel for lukking av møte**, uttale frå sivilombudsmannen datert 7.11.2018.
- RS 36/18 **Innkalling til møte i Arbeidsmiljøutvalet 14.11.2018.**
- RS 37/18 **Protokoll frå styremøte i Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal**, 20.11.2018.
- RS 38/18 **Protokoll møte i Arbeidsmiljøutvalet 14.11.2018.**
Kontrollutvalet ønskjer at det i protokollane går fram om dei som møter i Arbeidsmiljøutvalet møter frå arbeidstakar- eller arbeidsgjevarsida.
Kontrollutvalet ønskjer å gje nokre konkrete tilbakemeldingar til Arbeidsmiljøutvalet på bakgrunn av det arbeidet som kontrollutvalet har gjort med å følgje opp arbeidet i Arbeidsmiljøutvalet. Det vert formulert eit brev frå kontrollutvalet til arbeidsmiljøutvalet.

- RS 39/18 **Finansrapport 2. tertial 2018 – 31.08.2018**
Kontrollutvalet oppmodar til at finansrapportane vert lagt fram i same kommunestyremøta som tertialrapportane vert lagt fram, då det er viktig at politikarane kan sjå desse i samanheng.
- RS 40/18 **Nytt økonomireglement**, rådmannen sitt saksframlegg med vedlagt reglement til formannskap og kommunestyret, Formannskapssak 95/18, 3.12.2018.
Reglementet skal endeleg vedtakast i kommunestyret 13.12.2018.
Økonomisjef Erna Varhaugvik orienterte utvalet. Økonomisjefen seier dei meiner å ha funne ein struktur på dokumentet som vil fungere i organisasjonen. Reglementet er bygd opp med ein overordna del og så eigne relement for ulike områder. Den overordna delen inneheld mellom anna handlingsreglane. Økonomisjefen understrekar at det vil vere viktig å ha fokus på opplæring i bruk av reglementet framover. Det er ikkje alle del-reglementa som er ferdig enda; Revidering av reglement for investeringsprosjekt krev ei større involvering av organisasjonen. Dette reglementet vil difor først kome på plass i 2019.
Når det gjeld innkjøpsreglementet så vil det bli gjort ein støre revisjon av dette i ROR-innkjøps-samarbeidet. Det som så langt er gjort, er at ein har retta reglementet i tråd med anbefalingane i forvaltningsrevisjonsprosjektet.
Økonomisjefen gjev utrykk for at det reglementet som det var viktigast å få på plass, var tilvisingsreglementet.
Økonomisjef Erna Varhaugvik legg ikkje skjul på at den organisasjonsforma som Aukra kommune har valt med at alt økonomisk ansvar ligg ute i einingane er krevjande. Det krev omfattande kunnskap ute i einingane når alt det økonomiske ansvaret er delegert ut. Å etablere og halde ved like kompetanse er krevjande. Når det skal rapporterast krev det ein tett dialog mellom økonomiavdelinga og einingane ute, då må ein gå ned i detaljane.

Det nye økonomireglementet som no er utarbeidd er i stor grad bygd på Norges kemner- og kommuneøkonomers forbund (NKK) sin mal for økonomireglement

Økonomisjef Erna Varhaugvik og oppdragsansvarleg revisor Ronny Rishaug svarte på spørsmål frå utvalet undervegs i orienteringa.

Kontrollutvalet har etterspurt ei revidering av økonomireglementet heilt sidan 2014, og er difor tilfreds med at det no er gjennomført.

Orienteringssaker:

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

PS 34/18	INTERIMRAPPORT REKNESKAPSREVISJON – REVISJONSÅRET 2018
-----------------	---

Kontrollutvalet sitt vedtak

Kontrollutvalet tar revisjonen sin rapport frå interimsrevisjonen til orientering.

Kontrollutvalet si handsaming

Oppdragsansvarlig revisor Ronny Rishaug gav ein grundig presentasjon av interimsrapport frå rekneskapsrevisjonen 2018. Det vart presentert oversikt over kva som er utført av arbeid, revisjonstilnærming og funn knytt til oppfølgingspunkt frå revisjonen 2017 og risikopunkt i plan for 2018.

Utvalet stilte spørsmål til Rishaug undervegs i orienteringa.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

PS 35/18	VURDERING AV KONTROLLUTVALET SITT TILSYNSANSVAR FOR REVISJON
-----------------	---

Kontrollutvalet sitt vedtak

Kontrollutvalet sluttar seg til dei vurderingar som går fram av dokumentet «Kontrollutvalet sitt tilsynsansvar 2017»

Kontrollutvalet si handsaming

Sekretær gav utvalet ei kort orientering.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

PS 36/18	BESTILLING AV FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT
-----------------	--

Kontrollutvalet sitt vedtak

Vedtak i saka vert utsett til neste møte.

Sekretariatet arbeider vidare med problemstillingar innafor dei tema som utvalet peikte på som mest aktuelle.

Kontrollutvalet si handsaming

Kontrollutvalet hadde ei grundig drøfting av aktuelle tema for eit nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt, men utvalet synes det er vanskeleg å velje eit prosjekt som utpeikar seg som eit risikoområde. Utvalet kom gjennom diskusjonen fram til at følgjande tema utpeikar seg som mest aktuelle:

- Brukarmedverking
- Omstilling
- Psykisk helse og rus/utanforskap

Kontrollutvalet ønskjer at sekretariatet skal arbeide vidare med aktuelle problemstillinga knytt til desse områda.

Utvalet vurderte områder som sekretariatet hadde beskrive i saksframstillinga. To områder som utvalet vurderte som aktuelle risikoområder var Barnehage og Etske retningsliner. Men barnehagane har nyleg vedtatt plan for å fremje eit god psykososialt miljø i Aukrabarnehagen og etiske retningsliner har også nyleg blitt revidert. Utvalet vurderer difor ikkje at det er rett tidspunkt for ein forvaltningsrevisjon av desse områda no.

Det vart framsett følgjande forslag til vedtak:

Vedtak i saka vert utsett til neste møte.

Sekretariatet arbeider vidare med problemstillingar innafor dei tema som utvalet peikte på som mest aktuelle.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med felles forslag frå utvalet sine medlemmer (5 voterande)

Sekretariatet si tilråding

1. Kontrollutvalet bestiller følgjande forvaltningsrevisjonsprosjekt:
.....
2. Undersøkinga skal bygge på aktuelle problemområder som er skissert i møteprotokollen.
3. Prosjektet vert bestilt utført hos Møre og Romsdal Revisjon IKS.
4. Prosjektplan skal utarbeidas og leggas fram for kontrollutvalet.

PS 37/18	OPPFØLGINGSLISTE
----------	------------------

Kontrollutvalet sitt vedtak

I oppfølgingslista vert det gjort følgjande endringar:

Revidering av gjeldande økonomireglement i Aukra kommune

Eit økonomireglement skal beskrive hovudreglane for den økonomiske styringa av kommunen si verksemd. Reglementet bør klargjere ansvaret mellom det politiske og det administrative nivået i kommunen og beskrive kommunen sine interne reglar og fullmakter.

Økonomireglementet bør innehalde kommunen sine vedtak om økonomiplan, budsjett, rapportering, rekneskap og årsrapport. Økonomireglementet kan supplere delegeringsreglementet når det gjeld økonomisaker. Aukra kommune sitt økonomireglement er frå 2005 og vart revidert i desember 2009. Eit økonomireglement bør rullerast og oppdaterast jamleg.

10.12.18: Økonomisjefen presenterte det nye reglementet som skal vedtakast i kommunestyret 13.12.18. Reglementet vart ettersendt som referatsak til dagens møte jf. RS 40/18. **Kontrollutvalet avsluttar oppfølging av saka.**

Oppfølging av politiske vedtak

Kontrollutvalet ønskjer å få framlagt oversikt over politiske vedtak som av ulike årsaker ikkje er vorte satt i verk innan rimeleg tid. Oversikta skal gjere greie for vedtak fatta av politiske utval med avgjerdsmynde. Hensikta med å få ei slik oppstilling er å sjå til at administrasjonen sett i verk og gjennomfører vedtak som er gjort. Kontrollutvalet har oppmoda om at ei slik oversikt vert lagt inn i tertialrapporteringa til kommunestyret, rådmannen har valt å ikkje følge opp denne oppmodinga.

10.12.18: Nestleiar Ole Rakvåg opplyste at det er lagt inn midlar til Forvaltningsplan skog i budsjettet.

Arbeidsmiljøutvalet (AMU)

Kontrollutvalet har merka seg i Aukra kommune sin årsrapport for 2016 at AMU i 2016 ikkje hadde gjennomført møter. Etter arbeidsmiljølova skal kommunen ha eit slikt utval.

Arbeidsmiljølova gjev reglar for kva type saker AMU skal behandle. På bakgrunn av dette ønskjer kontrollutvalet å følge opp korleis arbeidet i arbeidsmiljøutvalet fungerer.

10.12.18: Kontrollutvalet ønskjer at det vert protokollert om dei som møter i AMU stiller frå arbeidsgjevar- eller arbeidstakersida. Kontrollutvalet vil sende eit brev til AMU om deira oppfølging av arbeidet i AMU.

Barnevernstenester

Barnevernstenesta er ei interkommunal teneste for Molde, Midsund, Aukra og Eide kommunar, med Molde kommune som vertskommune.

Kontrollutvalet vart i møte 3.5.2017 gjort kjent med foreløpige KOSTRA-tal 2016, som viser at Aukra kommune har mange fristbrot. Det har også dei andre kommunane som er med i barnevernssamarbeidet. Sidan dette er 2016-tal, ønskjer kontrollutvalet ei oppdatering frå administrasjon om situasjonen når det gjeld barnevern.

Tertialrapport 1. tertial 2017 viser at behov for fleire barnevernstiltak fører til ei auke i utgifter på 3 742 000.- frå 4 038 000.- til 7 780000.-, dvs. nesten 100 % auke.

10.12.18: Kontrollutvalet fekk i dagens møte, jf. RS 34/18 framlagt Barnevernstenesta si rapportering for Aukra kommune 1. halvår 2018. Utvalet ønskjer at rådmannen undersøker, og gjev tilbakemelding til utvalet, om barnehagar og skular i Aukra kommune er fornøgd med den samhandlinga dei har med barnevernstenesta.

Informasjonssikkerheit

Kontrollutvalet ønskjer å følgje temaet informasjonssikkerheit vidare, då dette generelt vert opplevd som eit risikoområde med det fokus som er på digitalisering i kommunane. Kommunen har etter at forvaltningsrevisjonsprosjekt på området vart gjennomført i 2015 utarbeidd rutinar og retningslinjer, som kontrollutvalet ønskjer å følgje opp at vert implementert i heile organisasjonen. Kommunane står og føre store utfordringar med innføring av ny personvernforordning (GDPR), som vil tre i kraft frå 25.05.18.

10.12.18: Kontrollutvalet ønskjer i først møte i 2019 å få ein statusrapport frå rådmannen knytt til implementering av nytt personvern regelverk.

Forvaltningsrevisjonsrapport «Offentlige anskaffelser i Aukra kommune» (Ny)

Kontrollutvalet behandla i møte 15.3.2018 sak 10/18 Forvaltningsrevisjonsrapport «Offentlige anskaffelser i Aukra kommune». Kontrollutvalet innstilte til kommunestyret som behandla saka i møte 17.4.2018 i k-sak 29/18.

Tilrådingane var knytt til følgjande områder:

- Tiltak for etterleving av regelverket
- Anskaffingar etter regelverket
- Bruk av rammeavtalar
- Organisering av området

Kommunestyret bad rådmannen om å syte for at tilrådingane blir følgt og påsjå at arbeidet vert gjennomført.

Kommunestyret bad rådmannen om å gje kontrollutvalet ein skriftleg plan for oppfølging av tilrådingane, slik at planen kan behandlast i kontrollutvalet sitt møte 14. juni 2018.

10.12.18: Utvalet ønskjer ein stausrapport frå arbeidet i første møte i 2019

Kontrollutvalet si handsaming

Utvalet gjekk i gjennom sakene i oppfølgingslista.

Det vart i møte gjeve orientering frå administrasjonen knytt til følgjande sak på oppfølgingslista:

- **Revidering av gjeldande økonomireglement i Aukra kommune**

Det vart satt fram forslag om å føre opp ei nye sak på oppfølgingslista:

- **Forvaltningsrevisjonsrapport «Offentlige anskaffelser i Aukra kommune»**

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med felles forslag frå utvalet sine medlemmer (5 voterande)

Sekretariatet si tilråding til vedtak

I oppfølgingslista vert det gjort følgjande endringar:

PS 38/18	DELTAKING PÅ KONTROLLUTVALSKONFERANSAR I 2019
-----------------	--

Kontrollutvalet sitt vedtak

Ingen frå kontrollutvalet i Aukra deltek på NKRF sin kontrollutvalskonferanse 30.-31. januar 2019. Utvalet tek opp til vurdering deltaking på FKT sitt årsmøte og fagkonferanse i Kristiansand 4.-5. juni, når programmet føreligg.

Kontrollutvalet si handsaming

Kontrollutvalet drøfta deltaking på NKRF sin kontrollutvalskonferanse 30.-31. januar 2019. Det vart framsett følgjande forslag til vedtak:

Ingen frå kontrollutvalet i Aukra deltek på NKRF sin kontrollutvalskonferanse 30.-31. januar 2019. Utvalet tek opp til vurdering deltaking på FKT sitt årsmøte og fagkonferanse i Kristiansand 4.-5. juni, når programmet føreligg.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med felles forslag frå utvalet sine medlemmer (5 voterande)

Sekretariatet si tilråding

Saka vart lagt fram utan tilråding

PS 39/18	EVENTUELT
----------	-----------

Fastsetjing av dato for kontrollutvalet sitt første møte i 2019

Kontrollutvalet sine medlemmer støtta sekretariatet sitt forslag til dato for første møte i 2019, **måndag 25. februar.**

Erfaring frå opplæringsksamling 7.11.2018

Det vart gjeve ei kort oppsummering frå opplæringsdagen med hovudtema habilitet, som var arrangert for kontrollutvalsmedlemmer og varamedlemmer.

Spørsmål frå Wilhelm Andersen

Utvalsmedlem Wilhelm Andersen fremja i møte følgjande spørsmål som kontrollutvalet vart oppmoda om å følgje opp:

- Med stadig økende krav til bruk av digitale henvendelser til kommunen, er vi tjent med kommunes hjemmeside?
- Videooverføring fra kommunestyremøtene er i store perioder uten lyd
- Er det rutiner for sikring og vedlikehold av kommunale veier?
- Er det rutiner for vedlikehold av kommunale bygninger og leiligheter?

Konklusjon

Kontrollutvalet utset vurdering av eventuell oppfølging til neste møte.

Oddvar Hoksnes
leiar

Ole Rakvåg
nestleiar

Wilhelm Andersen
medlem

Håkon Inge Sporsheim
medlem

Oddbjørg Sporsheim
medlem

Jane Anita Aspen
sekretær



Saksframlegg

Utvallssaksnr	Utval	Møtedato
PS 02/19	Kontrollutvalet	25.2.2019

REFERAT OG ORIENTERINGAR

Sekretariatet si tilråding

Referat- og orienteringssakene vert teke til orientering.

Bakgrunn for saka

Referatsaker:

- RS 01/19 **Nytt økonomireglement** - saksprotokoll frå Aukra kommunestyre 13.12.2018, K-sak 93/18 (vedlagt)
- RS 02/19 **Fond i kommunen si balanse** – saksprotokoll frå Aukra kommunestyre 13.12.2018 , K-sak 95/18 (vedlagt)
- RS 03/19 **Rapportering finansforvaltning pr 31.08.2018** - saksprotokoll frå Aukra kommunestyre 13.12.2018 , K-sak 96/18 (vedlagt)
- RS 04/19 **Innkalling til møte i representantskapet i Møre og Romsdal Revisjon IKS 18.1.2019** (vedlagt)
- RS 05/19 **Protokoll frå møte i representantskapet i Møre og Romsdal Revisjon IKS 18.1.2019** (vedlagt).
- RS 06/19 **Høyringsnotat om ny kontrollutvalgs- og revisjonsforskrift, Kommunal og moderniseringsdepartementet**, samt invitasjon til høyring frå FKT med høyringsfrist 15.3.2019 (vedlagt)
- RS 07/19 **FKT – Høringsutkast – Veileder - Kontrollutvalgets påse-ansvar over for regnskapsrevisor**, med høyringsfrist 15.3.2019 (vedlagt).
- RS 08/19 **Innkalling til AMU 20.2.2019** (vedlagt).

Orienteringssaker:

- OS 01/19 **Barnevernstenester**, sak frå oppfølgingslista. Kontrollutvalet har bedt rådmannen undersøke, og gje tilbakemelding til utvalet, om barnehagar og skular i Aukra kommune er fornøgd med den samhandlinga dei har med barnevernstenesta.
- OS 02/19 **Informasjonssikkerheit**
Kontrollutvalet har bedt om ein statusrapport frå rådmannen knytt til implementering av nytt personvernregelverk.

OS 03/19

Forvaltningsrevisjonsrapport «Offentlige anskaffelser i Aukra kommune»
Utvalet ønskjer ein statusrapport frå arbeidet med oppfølging av tilrådingane.

Jane Anita Aspen
daglig leder

PS 93/18 Nytt økonomireglement

Rådmannen si tilråding:

Kommunestyret vedtek økonomireglement og økonomiske handlingsreglar slik det går fram av vedlegga til denne saka.

Saksprotokoll i Formannskapet - 03.12.2018

Behandling

Samrøystes som tilrådinga frå rådmannen

Innstilling frå formannskapet

Som tilrådinga frå rådmannen

Saksprotokoll i Kommunestyret - 13.12.2018

Behandling

Samrøystes som innstillinga frå formannskapet

Vedtak

Kommunestyret vedtek økonomireglement og økonomiske handlingsreglar slik det går fram av vedlegga til denne saka.

PS 95/18 Fond i kommunen si balanse

Rådmannen si tilråding:

Kommunestyret delegerer mynde til Rådmannen til å korrigere enkeltfond over til generelt disposisjonsfond som ein del av årsoppgjer for 2018.

Korrigeringsane blir innarbeidd i budsjett og rekneskap for 2018.

Saksprotokoll i Formannskapet - 03.12.2018

Behandling

Samrøystes som tilrådinga frå rådmannen

Innstilling frå formannskapet

Som tilrådinga frå rådmannen

Saksprotokoll i Kommunestyret - 13.12.2018

Behandling

Ordfører foreslo følgjande tillegg til tilrådinga, .. med kr 6.6 mill.

Samrøystes som innstillinga frå formannskapet med tillegget etter 2018.

Vedtak

Kommunestyret delegerer mynde til Rådmannen til å korrigere enkeltfond over til generelt disposisjonsfond som ein del av årsoppgjer for 2018 **med kr 6.6 mill.**

Korrigeringsane blir innarbeidd i budsjett og rekneskap for 2018.

PS 96/18 Rapportering finansforvaltning pr 31.08.2018

Rådmannen si tilråding:

Rapporten vert teke til vitande.

Saksprotokoll i Formannskapet - 03.12.2018

Behandling

Samrøystes som tilrådinga frå rådmannen

Innstilling frå formannskapet

Som tilrådinga frå rådmannen

Saksprotokoll i Kommunestyret - 13.12.2018

Behandling

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedtatt

Vedtak

Rapporten vert teke til vitande.

MRR

Møre og Romsdal Revisjon IKS

INNKALLING

MØTE I REPRESENTANTSKAPET I MØRE OG ROMSDAL REVISJON IKS

TID: 18. JANUAR 2019 KL. 09.30

STED: Quality Hotel Grand i Kristiansund

SAKLISTE REPRESENTANTSKAPET:

- | | |
|--------|---|
| 1/2019 | Åpning av møtet |
| 2/2019 | Registrering av deltagere/konstituering |
| 3/2019 | Godkjenning av innkalling og sakliste |
| 4/2019 | Valg av møteleder og møtesekretær |
| 5/2019 | Valg av 2 representanter til å underskrive møteprotokollen sammen med møteleder |
| 6/2019 | Etablering av nytt revisjonsselskap – sammenslåing av MRR og KOMREV3
Eventuelt |

Sakspapirer ligger vedlagt.

Eide/Kristiansund 11. januar 2019

Egil Strand

representantskapets leder

Veslemøy E. Ellinggard

daglig leder

ETABLERING AV NYTT REVISJONSSKAP

SAMMENSLÅING AV KOMREV3 OG MRR

SAK 6/2019 VEDTAKSSAK

Innstilling til vedtak

- ▶ Saken fremmes for representantskapet i Møre og Romsdal Revisjon IKS med følgende innstilling til vedtak:

- ▶ Representantskapet slutter seg til konklusjoner og innstilling i vedlagte rapport, og sender denne over til eierkommuner/fellesnemnder med tilråding om å gjøre følgende vedtak:

1. ____ kommune slutter seg til samvirkeforetaket med navn Møre og Romsdal Revisjon SA.
2. ____ kommune godkjenner utkastet til vedtekter.
3. Som representant til årsmøtet i Møre og Romsdal Revisjon SA blir ____ valgt. Følgende vararepresentanter blir valgt i rekkefølge:
 1. ____
 2. ____
 3. ____
 4. ____
4. ____ kommune vedtar at Møre og Romsdal Revisjon IKS blir oppløst, og egenkapital blir tilbakeført eierne i tråd med gjeldende regler.
5. ____ kommune godkjenner at kontorutstyr og liknende i Møre og Romsdal Revisjon IKS blir overført til Møre og Romsdal Revisjon SA. Ansatte i Møre og Romsdal Revisjon IKS får tilbud om stilling i Møre og Romsdal Revisjon SA i tråd kapittel 16 i Lov om arbeidsmiljø.
6. ____ kommune godkjenner at pensjonsforpliktelser på tidligere ansatte i Møre og Romsdal Revisjon IKS blir fordelt på eierkommunene.

Styrebehandling i MRR 30.11.2018

- ▶ Styrets behandling: Med utgangspunkt i sammenslåingsrapport og resultat fra forhandlingsutvalget ble saken grundig gjennomgått og drøftet i styret.
- ▶ Enstemmig vedtak: Saken fremmes for representantskapet i Møre og Romsdal Revisjon IKS med følgende innstilling til vedtak:

Representantskapet slutter seg til konklusjoner og innstilling i vedlagte rapport, og sender denne over til eierkommuner/fellesnemnder med tilråding om å gjøre følgende vedtak:

1. ___ kommune slutter seg til samvirkeforetaket med navn Møre og Romsdal Revisjon SA.
 2. ___ kommune godkjenner utkastet til vedtekter.
 3. Som representant til årsmøtet i Møre og Romsdal Revisjon SA blir ___ valgt. Følgende vararepresentanter blir valgt i rekkefølge:
 1. ___
 2. ___
 3. ___
 4. ___
 4. ___ kommune vedtar at Møre og Romsdal Revisjon IKS blir oppløyst, og egenkapital blir tilbakeført eierne i tråd med gjeldende regler.
 5. ___ kommune godkjenner at kontorutstyr og liknende i Møre og Romsdal Revisjon IKS blir overført til Møre og Romsdal Revisjon SA. Ansatte i Møre og Romsdal Revisjon IKS får tilbud om stilling i Møre og Romsdal Revisjon SA i tråd kapittel 16 i Lov om arbeidsmiljø.
- ▶ KomRev3 sin innstilling til vedtak inneholder også et nr. 6: ___ kommune godkjenner at pensjonsforpliktelser på tidligere ansatte i Komrev3 blir fordelt på eierkommunene.

KomRev3 sin innstilling nr. 6 blir også tatt med i innstillingen til representantskapet i MRR selv om den var utelatt i styrebehandlingen.

Behandling i KomRev 3 sitt representantskap 14.12.2018

- ▶ Det ble gjort enstemmig vedtak som er i overensstemmelse med innstilling til vedtak i denne saken
- ▶ Før voteringen kom det innspill til en mindre endring i forslag til vedtekter §2 slik at det er større åpning for nye kommuner å slutte seg til samarbeidet og eventuelle nye kontorsteder som følge av dette. Dette er innarbeidet i sammenslåingsrapporten som følger denne saka.

Sammenslåingsrapport

- ▶ Forhandlingsutvalget ønsker sammenslåing av selskapene og står samlet bak den utarbeidede sammenslåingsrapporten
- ▶ Bekrivelsen i fortsettelsen er på nynorsk slik at den er i mest mulig samsvar med beskrivelse til Komrev 3.
- ▶ Vedlagt følger rapport med forslag til løysing frå forhandlingsutvala i Komrev3 IKS og Møre og Romsdal Revisjon IKS. I rapporten blir det gjort greie for kvifor ein meiner at det er naudsynt med danning av nytt og større føretak, og det blir foreslått korleis dette skal gjerast på det ein meiner er best mogleg måte.

Hovudpunkt i løysinga

- ▶ Danning av samvirkeføretaket «Møre og Romsdal Revisjon SA»
 - ▶ Samvirkemodellen blir foreslått då den er vurdert til å i størst grad ivareta dei behov både eigarar og selskap vil for styring og drift av nytt selskap. Eit samvirkeføretak er ein medlemsmodell der det berre er innskotskapitalen kommunen heftar for. I eit IKS derimot heftar eigarane til saman for selskapet sine totale forpliktingar i høve sin eigardel, og eit IKS kan difor ikkje gå konkurs. Bakgrunn for forslag til val av samvirkemodell er drøfta nærare i kapittel 5 i rapporten.

Hovudpunkt i løysinga forts.

7

- ▶ Det skal minimum være kontor i Kristiansund, Molde og Ålesund, med innbyrdes tilnærma likt tal av tilsette over tid. Det leggjast dermed ikkje opp til endring av kontorstruktur som følge av samanslåinga.
 - ▶ Sikrar at kommunane har kompetanse og bemanning i nærleiken. Det skal vere både forvaltningsrevisorar og rekneskapsrevisorar på alle dei tre kontora.
- ▶ Hovudkontor i Kristiansund
 - ▶ MRR har allereie sitt hovudkontor i Kristiansund, og det er vurdert slik at det fungerer godt slik det er.
- ▶ Fakturering etter medgått tid
 - ▶ MRR gikk over på dette i 2019, og det blir foreslått at dette skal gjelde for det nye føretaket frå dag 1, altså 01.01.2020 ved opprettinga av selskapet. Det inneberer kvartalsvise avrekningar ut frå kva som faktisk er utført for den enkelte kommune/kunde.

Hovudpunkt i løysinga forts.

- ▶ Innskotskapital for våre eigarkommunar blir i all hovudsak dekt av egenkapitalinnskotet i MRR – det blir mao ikkje ekstra utgifter for kommunane til danning av føretaket. Likevel vil kommunane sannsynlegvis måtte forskottere egenkapitalinnskot i det nye selskapet, før dei mottar tilbakebetalinga.
- ▶ Eigarkommunane er i utgangspunktet ansvarlege for pensjonsforpliktingane i Komrev3 IKS. Det blir foreslått at forpliktingane som gjeld tidlegare tilsette i selskapeta blir overført til kommunane ved danning av nytt føretak. Dette vart gjort då Møre og Romsdal Revisjon IKS vart danna, og denne løysinga gjer at det blir lik fordeling av forpliktingar mellom distrikta i eit nytt selskap.

Møre og Romsdal Revisjon IKS (MRR)

9

Informasjon som har gått ut til alle våre eierkommunenes administrasjon og kontrollutvalg i forbindelse med interimrapportering

- ▶ Det nærmer seg 2 år med drift i MRR og den nye organisasjonen er godt etablert og vi ser store fordeler med etableringen av en større revisjonsenhet
- ▶ Sommer og høst 2018 har vi hatt sonderinger med revisjonsenheten på Nordre Sunnmøre (Komrev 3) om mulig sammenslåing for ytterligere å styrke kompetansen, kapasiteten og robustheten i kommunerevisjonen.
- ▶ Sondringene førte til forhandlinger etter vedtak i begge selskapenes representantskap i september.
- ▶ Forhandlingene vært vellykkede og forhandlingsutvalget som har bestått av politikere, styreledere, daglig leder og ansatt representanter fra begge selskapene har kommet til en samstemt tilrådning om sammenslåing fra 1. januar 2020.
- ▶ Tilrådingene fra forhandlingsutvalget skal behandles av styrene i de to selskapene i løpet av november og deretter i representantskapene i desember eller januar 2019.

Møre og Romsdal Revisjon IKS (MRR)

10

Informasjon som har gått ut til alle våre eierkommunenes administrasjon og kontrollutvalg i forbindelse med interimrapportering

- ▶ Prosessen i sammenslåingsdokumentet som er utarbeidet av forhandlingsutvalget legger opp til behandlinger i de enkelte kommunestyre og fellesnemder i løpet av våren 2019.
- ▶ Sammenslåingen medfører ikke nytt valg av revisjonsordning, siden revisjonen fortsetter i «egen regi», men den nye juridiske enheten må velges som revisjonsselskap.
- ▶ Vi kommer tilbake med mer informasjon etter hvert som prosessen går fremover og involvering av kontrollutvalgene.
- ▶ I tillegg: Vi har byttet kontorlokaler i Molde og dere finner oss nå i 3. etasje i Storgata 18 i Molde.

Innstilling til vedtak

- ▶ Saken fremmes for representantskapet i Møre og Romsdal Revisjon IKS med følgende innstilling til vedtak:

- ▶ Representantskapet slutter seg til konklusjoner og innstilling i vedlagte rapport, og sender denne over til eierkommuner/fellesnemnder med tilråding om å gjøre følgende vedtak:

1. ___ kommune slutter seg til samvirkeforetaket med navn Møre og Romsdal Revisjon SA.
2. ___ kommune godkjenner utkastet til vedtekter.
3. Som representant til årsmøtet i Møre og Romsdal Revisjon SA blir ___ valgt. Følgende vararepresentanter blir valgt i rekkefølge:
 1. ___
 2. ___
 3. ___
 4. ___
4. ___ kommune vedtar at Møre og Romsdal Revisjon IKS blir oppløst, og egenkapital blir tilbakeført eierne i tråd med gjeldende regler.
5. ___ kommune godkjenner at kontorutstyr og liknende i Møre og Romsdal Revisjon IKS blir overført til Møre og Romsdal Revisjon SA. Ansatte i Møre og Romsdal Revisjon IKS får tilbud om stilling i Møre og Romsdal Revisjon SA i tråd kapittel 16 i Lov om arbeidsmiljø.
6. ___ kommune godkjenner at pensjonsforpliktelser på tidligere ansatte i Møre og Romsdal Revisjon IKS blir fordelt på eierkommunene.

“ Vi vil bidra til at innbyggerne i vårt distrikt får et enda bedre fylke å bo i

”

- Møre og Romsdal Revisjon IKS

**«Nye»
Møre og Romsdal Revisjon**

Innhald

1. Innleiing.....	1
2. Oppsummering og tilråding.....	3
3. Om selskapa	5
3.1 Oversyn over oppgåver	5
3.1.1 Rekneskapsrevisjon.....	5
3.1.2 Særattestasjon.....	5
3.1.3 Forvaltningsrevisjon.....	5
3.1.4 Selskapskontroll.....	5
3.1.5 Diverse andre oppgåver	6
3.2 Kunder/eigarar	7
3.2.1 Status	7
3.2.2 Kommunereform	7
3.3 Oversyn over tilsette.....	8
4. Om utvikling av revisjon.....	9
4.1 Revisjonsfagleg og kommunal utvikling.....	9
4.2 Status for andre kommunerevisjonar.....	9
5. Selskapsform	11
5.1 Aksjeselskap	11
5.2 Interkommunalt selskap	12
5.3 Samvirkemodellen	12
5.4 Kommunalt oppgåvefelleskap	13
5.5 Tilråding.....	13
6. Forholdet til dei tilsette.....	15
6.1 Spesielt om arbeidsvilkår.....	15
6.2 Spesielt om pensjon	15
7. Funksjonar, oppgåver mv.	17
7.1 Kontorplassering/oppgåvefordeling.....	17
7.2 Hovudkontor	17
7.3 Eigardel/stemmerett/styrerepresentasjon	17
7.4 Rekneskapsføring/IKT.....	17

8. Prinsipp for kostnadsfordeling.....	18
9. Prosess for etablering av nytt selskap	19
10. Forslag til vedtekter	20
Vedlegg	25
Kjelder	26

1. Innleiing

Det har over tid vore samtaler mellom revisjonsselskapa i Møre og Romsdal om moglege samanslåingar.

I representantskapsmøte for Komrev3 IKS 15.06.18 vart det gjort følgjande vedtak:

- 1. Det blir sett ned følgjande arbeidsgruppe som saman med representantar frå tilsette skal arbeide vidare med strategiplan og utvikling av selskapet med mål om å etablere ei større og meir robust revisjonseining frå og med 01.01.2020:*
 - *Jim-Arve Røssevold, ordførar Sula kommune*
 - *Harry Valderhaug, ordførar Giske kommune*
 - *Dag Olav Tennfjord, ordførar Skodje kommune*
 - *Johs Aspehaug, styreleiar*
 - *Kurt Løvoll, konst. dagleg leiar*
- 2. Arbeidsgruppa får mandat som forhandlingsutval ovanfor aktuelle samtalepartnarar.*
- 3. Det skal sendast invitasjon til forhandlingar både til eigarar i Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS og til Møre og Romsdal Revisjon IKS jf. deira styrevedtak 01.06.2018:*

«Styret stiller seg bak sonderinger knyttet til mulig sammenslåing og ber styrets leder og daglig leder å fortsette dialogen med KomRev3 og ev. etablere dialog med revisjonsenheten på Søre Sunnmøre.»
- 4. Resultat av forhandlingar med framforhandla forslag til løysing skal leggjast fram i neste representantskapsmøte i november 2018.*
- 5. Dersom det er naudsynt skal det kallast inn til ekstra representantskapsmøte.*

I tråd med vedtaket vart det sendt slike invitasjonar.

Det vart mottatt munnleg tilbakemelding frå Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS om at det ikkje er aktuelt å gå i forhandlingar no.

Møre og Romsdal Revisjon IKS hadde etter dette representantskapsmøte 07.09.18 der det vart fatta følgjande vedtak:

- 1. Representantskapet ønsker at MRR skal gå i forhandlingar om mulig sammenslåing med KOMREV 3.*
- 2. Representantskapet oppnevner forhandlingsutvalg bestående av:*
 - *3 Ordførere/varaordførere fra eierne i MRR, samt 3 vararepresentanter*

-
- *Styrets leder i MRR*
 - *Daglig leder i MRR*
 - *Ansattrepresentant fra MRR*
3. *Forhandlingsutvalget får forhandlingsfullmakt til å forhandle med forhandlingsutvalget i KOMREV 3.*
 4. *Resultatet fra forhandlingene fremmes i eiermøte i MRR.*

Representanter:

Kjell Neergård med Ingunn Golmen som vara

Gunn Berit Gjerde med Jon Aasen som vara

Torgeir Dahl med Lilly Gunn Nyheim som vara

Det var felles møte i forhandlingsutvalga på Vestnes 02.10.18 der ein gjekk gjennom tidsplan og disposisjon av rapport.

Deretter har ei arbeidsgruppe med styreleiar, dagleg leiar og tilsettrepresentant frå begge selskapa hatt møte og utarbeidd eit forslag til rapport som vart handsama i nytt møte i forhandlingsutvalga 07.11.18 i Kristiansund. I dette møtet vart forslaga diskutert, og det blei utarbeidd denne rapporten og ei tilråding som det var semje om.

2. Oppsummering og tilråding

Kommunal sektor blir stadig meir kompleks og spesialisert på mange område, og samstundes er det ei utvikling av revisjonsfaget som også krev stadig høgare kompetanse.

Det er som følgje av mellom anna dette ei klar og eintydig utvikling mot større og meir robuste einingar innan kommunal revisjon over heile landet. Årsaker til dette er m.a.:

- Sterkare fagmiljø med større moglegheiter for fagleg spesialisering
- Redusert sårbarheit/meir robust i høve vakansar, turnover og sjukdom
- Økonomiske stordriftsfordelar i høve administrasjon
- Større fleksibilitet i høve kommunesamanslåingar
- Attraktivitet som arbeidsgjevar

Komrev3 har 8 tilsette, og MRR har 18 tilsette. Det er vår vurdering at ei samanslåing vil gi grunnlag for å oppnå dei fordelane som er nemnde over.

Moglege selskapsformer har vore diskutert, og den reelle diskusjonen har vore val av IKS vs. Samvirkemodell. Vi rår til val av Samvirkemodellen. Det er fleire årsaker til det.

For det første er kommunestrukturen i endring, og etter vår vurdering er samvirkemodellen best eigna til å handtere slike endringar på ein smidig måte. Både inn- og utmeldingar kan gjerast utan at ny selskapsavtale må handsamast i alle kommunestyra. For det andre blir det avstandar i eit nytt selskap, og samvirkemodellen er betre eigna til å få gjennomført eigarmøter då det er mindre krav til deltaking for å kunne gjere vedtak enn ved eit IKS.

For å sikre politisk styring blir det foreslått at årsmøtet skal vedta følgjande (som det i utgangspunktet skulle ligge til styret å vedta): vedta budsjett, vedta økonomiplan og vedta strategiar.

Det blir foreslått at eit nytt samvirkeføretak skal ha sitt hovudkontor i Kristiansund, og det blir samstundes foreslått at det skal minimum være kontor i Kristiansund, Molde og Ålesund, med innbyrdes tilnærma likt tal av tilsette over tid. Dette for å sikre nærleik til kommunane i heile revisjonsdistriktet.

For dei tilsette er dette å sjå på som verksemdoverdraging, og alle tilsette får tilbod om stilling i det nye føretaket med same løns- og arbeidsvilkår som dei har i dag.

Prinsipp for kostnadsfordeling mellom kommunane skal vere etter såkalla «medgått» tid. Det inneberer at det kvartalsvis skal gjerast opp ut frå dokumenterbart tal på timer som har gått med til rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon, andre oppdrag eller rådgjeving for dei einskilde kommunane.

Overgang til nytt revisjonsselskap inneber inga endring knytt til revisjonsordning for kommunane. Det vil framleis være revisjon i eigenregi sjølv om den vil bli utført av

eit nytt selskap med ny eigarsamansetning.

Det er ein klar intensjon at samanslåinga ikkje skal føre til nye utgifter til innskott for eigarane. Eigenkapitalen til dei to selskapa skal dekkje behovet for eigenkapital i det nye selskapet. Likevel vil kommunane måtte forskottere eigenkapital innskott i det nye selskapet, før dei motar tilbakebetalinga frå dei eksisteranda selskapa.

I samband med etableringa av Møre og Romsdal Revisjon IKS blei pensjonsforpliktingar til tidligare tilsette og pensjonistar halde utanfor det nye selskapet for å unngå skeivdeling av kostnader mellom tidligare eigarar. Vi tilrår difor tilsvarande løysing ved denne samanslåinga. Den nye eininga vil difor berre ta med seg pensjonsforpliktingar til tilsette. Tidligare forpliktingar dekkes frå dei tidligare eigarane på same måte som om det ikkje hadde blitt ei samanslåing.

Forhandlingsutvalet som har bestått av politikarar, styreleiarar, tilsette og daglig leiing står bak tilrådingane. Vi trur at samanslåinga sikrar ei god revisjonsordning for kommunane framover og vil bidra til å trygge og styrkje tilliten til kommunal sektor.

3. Om selskapa

3.1 Oversyn over oppgåver

3.1.1 Rekneskapsrevisjon

Rekneskapsrevisjon er å kontrollere og stadfeste at rekneskapen ikkje inneheld vesentlege feil eller manglar, og at den er i samsvar med lover, forskrifter og god kommunal rekneskapsskikk. Revisjonen blir gjennomført i tråd med god kommunal revisjonsskikk.

Det blir og kontrollert at tal i årsrekneskap stemmer med endeleg budsjett og at det er gjort greie for eventuelle vesentlege avvik i årsmeldinga.

Det skal og vurderast om leiinga har sytt for tilstrekkelig registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar, og at det er etablert ein god økonomisk intern kontroll.

3.1.2 Særattestasjon

Kommunerevisjonen har ansvar for å stadfeste ulike prosjektrekneskap for statlege tilskot, til dømes spelemidlar.

I tillegg er det mange andre attestasjonsoppdrag, til dømes momskompensasjon, ressurskrevjande tenester og pasientrekneskap. Arbeidet med særattestasjonar tek mykje tid.

3.1.3 Forvaltningsrevisjon

Forvaltningsrevisjon er å gjennomføre systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret eller fylkestinget sine vedtak og føresetnader.

Ein ser mellom anna på om ressursbruk og verkemiddel er effektive i høve til dei mål som er satt på området og om regelverk blir etterlevd.

Målet med forvaltningsrevisjonen er å etterprøve måten offentlege tiltak er sett i verk, og å sjå på kva slags verknader tiltaka har hatt.

Forvaltningsrevisjon skal bidra til ei betre og meir effektiv forvaltning.

3.1.4 Selskapskontroll

Selskapskontroll er ein gjennomgang av forvaltninga av eigarinteressene i selskap som er organisert som AS, interkommunale selskap (IKS) eller liknande.

Målet er å vurdere om dei som forvaltar kommunen sine eigarinteresser i selskapet, gjer dette i samsvar med kommunestyret eller fylkestinget sine vedtak og føresetnader (eigarskapskontroll).

Selskapskontrollen kan i tillegg til den obligatoriske eigarskapskontrollen, utvidast med ein meir omfattande forvaltningsrevisjon.

3.1.5 Diverse andre oppgåver

Rådgjeving

Kommunerevisjonen arbeider nært med kommunane, og dette skaper arenaer og gode høve til å vere ein samtalepartner innan ulike utfordringar og problemstillingar.

Selskapa har brei erfaring og fleirfagleg kompetanse innan kommunal forvaltning, og er medlem i nettverk med spesialkompetanse innanfor offentleg forvaltning.

Internkontroll

God styring og kontroll er avgjerande for tilliten til kommunal sektor. Revisor har høg kompetanse om internkontroll og har fokus på dette i både regnskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon. I tillegg tilbyr selskapa attestasjonar eller andre gjennomgangar av organisering og internkontroll på ulike områder i kommunane og fylkeskommunen som et ledd i risikovurderingshandlingar eller anna kartlegging.

Finansforvaltning

Det er krav om å utarbeide eit finansreglement med administrative rutinar for finansforvaltninga, minst ein gong i kommunestyret sin valperiode.

Dette reglementet og rutinane skal kvalitetssikrast av ein uavhengig instans før det blir vedteke av kommunestyret. Kommunerevisjonen har vore uavhengig instans for kommunane i revisjonsdistriktet.

Misligheter

Kommunerevisjonen skal bidra til å førebyggje og avdekke misligheter og feil.

Vi skal sende ei førebels innberetning til kontrollutvalet dersom vi avdekkjer misligheter. Når saksforholdet er nærare klarlagt, skal vi sende ei endeleg innberetning med kopi til rådmannen.

Kurs og seminar

Revisjonsselskapa tilbyr årlige kurs til tilsette i økonomifunksjonen til kommunane, men også andre kurs og seminar til dømes innanfor offentlege anskaffingar eller andre særregelverk.

3.2 Kundar/eigarar

3.2.1 Status

Komrev3 IKS har 12 kommunar som eigarar:

- Giske, Haram, Midsund, Norddal, Sandøy, Skodje, Sula, Stordal, Sykkylven, Stranda, Ørskog og Ålesund

Dette er dei store kundane inkl. kommunale føretak i desse kommunane. I tillegg blir ÅRIM IKS, ein del kyrkjelege fellestråd og nokre stiftingar og liknande revidert.

Møre og Romsdal Revisjon IKS har 17 kommunar og 1 fylkeskommune som eigarar:

- Aukra, Aure, Averøy, Eide, Fræna, Gjemnes, Halså, Kristiansund, Molde, Møre og Romsdal Fylke, Nesset, Rauma, Rindal, Smøla, Sunndal, Surnadal, Tingvoll og Vestnes.

I tillegg reviderer Møre og Romsdal IKS kommunale føretak, interkommunale selskap, kyrkjelege fellestråd, sokn og stiftingar heimehøyrande i desse kommunane.

3.2.2 Kommunereform

Det er vedteke følgjande kommunestruktur blant eigarane til Komrev 3 frå 01.01.2020:

- Nye Ålesund kommune (Haram, Sandøy, Skodje, Ørskog og Ålesund)
- Fjord kommune (Stordal og Norddal)
- Giske kommune
- Sula kommune
- Sykkylven kommune
- Stranda kommune

(Midsund slår seg saman med Molde kommune)

Det vedteken følgjande kommunestruktur blant eigarane til Møre og Romsdal Revisjon frå 01.01.2020:

- Nye Molde kommune (Midsund, Nesset og Molde)
- Hustadvika kommune (Eide og Fræna)
- Rindal kommune (del av Trøndelag fylke frå 01.01.2019)
- Aukra kommune
- Aure kommune
- Averøy kommune
- Gjemnes kommune
- Heim kommune (Hemne, Halså og deler av Snillfjord kommune)
- Kristiansund kommune
- Møre og Romsdal Fylkeskommune

-
- Rauma kommune
 - Smøla kommune
 - Sunndal kommune
 - Surnadal kommune
 - Tingvoll kommune
 - Vestnes kommune

Det vil og bli samanslåingar av kyrkjelege fellestråd som skal følgje nye kommunegrenser.

3.3 Oversyn over tilsette

Komrev3 IKS har for tida 8 tilsette (7,8 årsverk). 1 konstituert dagleg leiar (forvaltningsrevisor), 2 oppdragsansvarlege rekneskapsrevisorar, 4 rekneskapsrevisorar og 1 oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor. Dei 2 oppdragsansvarlege rekneskapsrevisorane legg opp til å gå av med pensjon i løpet av 2020.

Møre og Romsdal Revisjon IKS har for tida 18 tilsette. 1 dagleg leiar (oppdragsansvarleg revisor), 3 oppdragsansvarlege rekneskapsrevisorar, 8 rekneskapsrevisorar, 2 oppdragsansvarlege forvaltningsrevisorar og 4 forvaltningsrevisorar der 1 er tilsett i eit vikariat.

4. Om utvikling av revisjon

4.1 Revisjonsfagleg og kommunal utvikling

Kommunane har blitt meir og meir komplekse og spesialiserte. Det er viktig at kommunerevisjonen sikrar seg kompetanse på den utviklinga som både skjer i kommunane og innan revisjonsfaget.

Innan revisjonsfaget er det og no ei rivande utvikling innan digitalisering der det er viktig å kunne bruke nye verktøy på ein effektiv måte, noko som igjen kan frigjere ressursar. Det er grunn til å tru at dette vil ha store konsekvensar for finansiell revisjon, men det vil og kunne gi nye moglegheiter innanfor forvaltningsrevisjon. Det er vidare grunn til å tru at jobben som revisor kan få mindre vekt på rutinearbeid og meir vekt på å levere analyser og innsikt.

Det er ei klar utvikling mot større einingar innan kommunal revisjon (sjå neste avsnitt). Det blir nemnt fleire årsaker til dette:

- Sterkare fagmiljø med større moglegheiter for fagleg spesialisering
- Redusert sårbarheit/meir robust i høve vakansar, turnover og sjukdom
- Økonomiske stordriftsfordelar i høve administrasjon
- Større fleksibilitet i høve kommunesamanslåingar
- Attraktivitet som arbeidsgjevar

Revisor sin kompetanse og kor robust revisjonsselskapet er, blir gjerne sett på ved vurdering av uavhengigheit. Oppdragsansvar for rekneskapsrevisjon for ei kommune bør mellom anna med jamne mellomrom rullerast. Det er lettare å få til i eit større selskap.

Undersøkingar i andre revisjonsdistrikt har vist at det var ei forventing til at erfaringsdeling og kunnskapsoverføring mellom kommunane ville auke ved ein større revisjon, noko som også er naturleg når revisjonen har fleire kommunar å hente informasjon frå.

Medarbeidarar i revisjonen vil som nemnt også i større grad kunne spesialisere seg på ulike område, og opparbeide ekspertise på fleire områder enn i dag. Dette vil komme kommunane til nytte. Det er grunn til å tru at det også er forventingar til auka effektivitet/reduksjon i kostnader, større grad av kunnskapsutveksling mellom kommunane og økt fokus på å førebyggje feil.

4.2 Status for andre kommunerevisjonar

Oppfølgingen av prioriterte bransjer og sektorer vil være en sentral del av det organiserte samarbeidet mellom partene og myndighetene. Partene og myndighetene skal sammen vurdere og komme frem til hensiktsmessig form på samarbeidet i de prioriterte bransjer og sektorer. Arbeidslivets parter kan selv etablere regionale samarbeidsarenaer der de mener dette er hensiktsmessig.

Den operative oppfølgingen av IA-avtalen på nasjonalt nivå gjøres av en koordineringsgruppe under Arbeidslivs- og pensjonspolitisk råd. Gruppen består av hovedorganisasjonene og myndighetene, herunder Arbeids- og velferdsetaten, STAMI og Arbeidstilsynet. Gruppen skal følge opp sentrale initiativ og satsinger i IA-avtalen og forberede drøftingene i Arbeidslivs- og pensjonspolitisk råd.

Faggruppen er en arbeidsgruppe bestående av partene, myndighetene og relevante fagmiljøer. Faggruppen skal drøfte status og utvikling i IA-målene og sikre god og relevant kunnskap om forhold av betydning for IA-avtalens mål og innsatsområder. Faggruppens vurderinger gir et viktig faglig grunnlag for arbeidet i koordineringsgruppen og i de prioriterte bransjesatsingene. Gruppen skal også legge frem en årlig rapport for Arbeidslivs- og pensjonspolitisk råd. Faggruppens mandat, herunder sammensetning, oppgaver og organisering skal gjennomgås og justeres innledningsvis i avtaleperioden, slik at det støtter opp under innretningen og prioriteringene i denne IA-avtalen.

Virkemidler i IA-avtalen

Virkemidler og tiltak i IA-avtalen skal understøtte målene og innsatsområdene i avtalen. Nye tiltak skal være kunnskapsbaserte og det skal settes i gang følgeforskning og effektevalueringer av prioriterte satsinger og virkemidler. I tråd med innretningen på avtalen, skal en rekke virkemidler og tiltak være generelle og treffe hele arbeidslivet. Partene og myndighetene er også enige om å prioritere virkemidler til en målrettet innsats mot bransjer og sektorer som har potensial for å redusere sykefravær og frafall.

Tiltakene i avtalen vil kunne ha ulik prioritering gjennom avtaleperioden.

Innsatsområder

For å støtte opp under målene for IA-avtalen, er partene og myndighetene enige om å løfte frem satsinger for forebygging av sykefravær og frafall og å målrette innsatsen mot lange og/eller hyppig gjentagende sykefravær.

Forebyggende arbeidsmiljøarbeid

For å ha effekt må forebyggende arbeidsmiljøarbeid være kunnskapsbasert og rettet mot reelle behov på den enkelte arbeidsplass. IA-avtalen skal styrke partssamarbeidet om forebyggende arbeidsmiljøarbeid lokalt og bidra til at virksomhetene får tilgang til god kunnskapsbasert støtte i arbeidet.

Innsats mot lange og/eller hyppig gjentakende sykefravær

Langtidssykefraværet utgjør den største delen av sykefraværet i Norge, og øker også risikoen for varig frafall fra arbeidslivet. Partene vil i IA-perioden rette særlig innsats mot de lange og/eller hyppig gjentakende sykefraværene. Innsatsen skal være kunnskapsbasert.

Virkemidler for hele arbeidslivet

Ny arbeidsmiljøsatsing

For å gjøre en offensiv innsats for bedre forebyggende arbeidsmiljøarbeid, etableres det en ny arbeidsmiljøsatsing som skal bidra til kunnskap, kompetanse og verktøy for virksomhetene.

Arbeidsmiljøsatsingen skal støtte opp under begge innsatsområder i IA-avtalen og dreie seg om målrettet bransje- og arbeidsplassrettet kunnskapsutvikling, formidling og veivising i forebyggende arbeidsmiljøarbeid. Arbeidet skal bidra til virksomhetenes forebyggende arbeidsmiljøarbeid på de områder som i størst grad bidrar til sykefravær og frafall. Gjennom en slik faglig spissing kombinert med en rendyrking av kunnskapsformidlings- og veiviserrollen, skal Arbeidstilsynet prioritere støtte til bransjer, sektorer og virksomheter som trenger og ønsker veivising i målrettet, forebyggende arbeidsmiljøarbeid, i tillegg til tradisjonelt tilsyn og kontroll.

Satsingen forberedes og etableres gjennom et utviklingsprosjekt i 2019. Tiltak i satsingen prøves blant annet ut gjennom piloter og det tas sikte på i løpet av 2019 å etablere en samlet nettbasert løsning/portal for å formidle kunnskap og kompetanse om effektivt forebyggende arbeidsmiljøarbeid til bransjer/sektorer og virksomheter. Portalen skal gi et rammeverk for IA-samarbeid og aktivitet på den enkelte arbeidsplass og også gi insentiver til slik aktivitet. Portalen må videre klargjøre forventninger til de lokale partenes roller og hvilket ansvar de lokale partene har i IA-arbeidet. Portalen må gradvis og løpende suppleres og videreutvikles etter 2019. Portalen knyttes til Arbeidstilsynets nettsider.

Arbeidsmiljøsatsingen innebærer tilgjengeliggjøring av kunnskapsbasert informasjons- og veivisingmateriell og anbefalinger, slik at virksomhetene enkelt kan ta i bruk de nye virkemidlene som støtte og inspirasjon i sitt eget lokale forbedringsarbeid. Portalen skal være brukerorientert og interaktiv, slik at partene på arbeidsplassen i fellesskap kan kartlegge egen virksomhet og måle egne aktiviteter og resultater opp mot andre virksomheter det er naturlig å sammenligne seg med.

Portalen må ses som et supplement til tjenestene som leveres av NAV Arbeidslivssenter og skal også forenkle virksomhetenes dialog med disse, blant annet gjennom lenker til NAV.no. Arbeidslivssentrene skal legge kunnskap og kompetanse fra arbeidsmiljøsatsingen til grunn for sin bistand og støtte til virksomhetene.

I tillegg til virksomhetene, vil viktige målgrupper for satsingen være bedriftshelsetjenesten, Arbeids- og velferdsetaten - herunder NAV Arbeidslivssenter, relevante organisasjoner mv. Gjennom en kombinasjon av digitale verktøy og rådgivning og veivisning fra myndighetene skal arbeidsmiljøsatsingen nå ut til hele arbeidslivet. Det opprettes en referansegruppe for satsingen med relevante parter og myndigheter.

Opplæring i arbeidsmiljøarbeid

Arbeidsgiver- og arbeidstakerorganisasjonene vil bidra til bedre og kunnskapsbasert opplæring i arbeidsmiljøarbeid. Kunnskap og kompetanse blant ledere, tillitsvalgte og verneombud er helt avgjørende for å oppnå resultater på arbeidsplassene. Opplæring i arbeidsmiljø og målrettet arbeidsmiljøarbeid skal bygge på kunnskap og kompetanse fra den nye arbeidsmiljøsatsingen og skal inngå i leder, tillitsvalgt- og verneombudsopplæringen. Portalen som er omtalt tidligere kan være et godt verktøy også i opplæringen i arbeidsmiljøarbeid.

En koordinert arbeidslivstjeneste

Arbeidet med å skape et inkluderende arbeidsliv skjer i den enkelte virksomhet. En viktig forutsetning for å lykkes med dette er godt partssamarbeid. For å få bistand og støtte til arbeidet med IA-avtalens mål og innsatsområder på den enkelte arbeidsplass, kan virksomheter inngå samarbeid med NAV Arbeidslivssenter. NAV Arbeidslivssenters bistand og kompetanse vil være et sentralt virkemiddel overfor virksomheter i IA-arbeidet. Det skal være en dokumentert dialog mellom partene i den enkelte virksomhet før NAV Arbeidslivssenter yter bistand.

Arbeids- og velferdsetaten skal utvikle digitale tjenester som gir virksomheter et samlet tjenestetilbud og samhandlingsflate med Arbeids- og velferdsetaten. Dette vil gi virksomheter et digitalt kontaktpunkt som kan forenkle og effektivisere virksomhetenes dialog og samarbeid med Arbeids- og velferdsetaten, herunder NAV Arbeidslivssenter. Partene er enige i at flere funksjoner vil ivaretas av digitale tjenester i tiden fremover, og at personlige støttefunksjoner vil være forbeholdt saker hvor behovet for bistand er størst. Virksomheter som har en fast kontaktperson i NAV Arbeidslivssenter kan beholde dette med mindre virksomhetskontakten kan ivaretas på en annen og bedre måte.

Ressursene i arbeidslivssentrene skal være et virkemiddel i IA-arbeidet.

For å støtte opp under arbeidet med å forebygge og redusere sykefravær på den enkelte arbeidsplass, skal det opprettes et tilskudd til ekspertbistand i enkeltsaker med lange og/eller hyppig gjentakende sykefravær. Tilskuddet begrenses til situasjoner hvor dokumenterte bedriftsinterne tiltak og andre offentlige støtteordninger er utprøvd, og hvor arbeidsgiver, NAV Arbeidslivssenter og den enkelte arbeidstaker er enige om at det er hensiktsmessig med ekstern ekspertbistand for å finne løsninger.

HelseArbeid

Virkemiddelet HelseArbeid består av en satsing på helsefremmende og forebyggende kunnskapsformidling på arbeidsplassen, med rask tilgang på individrettet tverrfaglig utredning og avklaring som skal fremme mestring og arbeidsdeltakelse. Målgruppen er den store gruppen arbeidstakere som står i fare for å falle utenfor arbeidslivet grunnet muskelskjelettlidelser og/eller psykiske plager.

HelseArbeid tilbys i dag i de tre nordligste fylkene. Avtalepartene er enige om å gjennomføre HelseArbeid i større omfang enn i dag. Tiltaket skal gjennomføres innenfor rammen av dagens regelverk og prioriteringsforskriften.

Ressurser i arbeidslivssentrene skal brukes for å få til et større omfang av HelseArbeid.

Kompetansetiltak

Langtidssykmeldte er en sammensatt gruppe, og for noen kan det tidlig være klart at det er nødvendig med kompetansetiltak for å kunne stå i arbeid. I tilfeller hvor bedriftsintern tilrettelegging ikke fører frem, skal Arbeids- og velferdsetaten vurdere om arbeidsrettede tiltak skal prøves så tidlig som mulig. For å støtte opp under og styrke dette ansvaret, skal det igangsettes et forsøk med utvidet bruk av kompetansetiltak i regi av myndighetene. Målgruppen er langtidssykmeldte arbeidstakere som på grunn av sykdom eller skade ikke kan komme tilbake til sin tidligere arbeidsgiver og som har behov for kompetansetiltak for å kunne kvalifiseres til annet arbeid og stå i arbeid. Forsøket skal gi ny kunnskap om hvorvidt og hvordan kompetanse kan styrke arbeidstilknytningen til personer i denne målgruppen. Det opprettes en referansegruppe for satsingen med partene og relevante myndigheter.

Sykefraværsoppfølging

Som støtte til legers sykmeldingsarbeid skal det utarbeides en ny kursmodul om sykmeldingsarbeid i SKIL - Senter for kvalitet i legekontor. Kursmodulene utvikles av SKIL med partene og myndighetene i en referansegruppe, og skal bygge på eksisterende faglige støtteverktøy for sykmelder.

Ordringen med utvidet rett til egenmelding har vært et godt og hensiktsmessig virkemiddel for å fremme dialog på arbeidsplassen og avlaste helsevesenet med hensyn til oppfølging av korttidssykefravær.

Partene i IA-avtalen foreslår at muligheten til å avtale utvidet rett til egenmelding presiseres i folketryktdloven. Det foreslås videre at det innføres en plikt for arbeidsgiver til å drøfte utvidet rett til egenmelding med de tillitsvalgte. Dette vil medføre at flere arbeidstakere enn i dag kan få mulighet til utvidet egenmelding.

Organisasjonene vil oppfordre tidligere IA-virksomheter til å videreføre ordningen med utvidet rett til egenmelding. Organisasjonene vil oppfordre virksomheter som ikke tidligere har hatt utvidet egenmelding til å vurdere denne ordningen.

Partene og myndighetene vil ha oppmerksomhet rundt den lovfestede sykefraværsoppfølgingen og følge med på ny kunnskap og informasjon på området. Utviklingen av nye, digitale tjenester innenfor sykefraværsoppfølgingen gir bedre muligheter til å utnytte fleksibiliteten i dagens regelverk og å målrette innsatsen. Avtalepartene er opptatt av at fleksibiliteten i dagens regelverk utnyttes best mulig for å sikre en målrettet innsats mot lange og/eller hyppig gjentakende sykefravær. Dette krever bl.a. at virksomhetene har god oversikt over den enkelte ansattes sykefravær og tar initiativ til tidlig dialogmøte 2 og dialogmøte 3 når dette er hensiktsmessig. Arbeids- og velferdsetaten skal sikre at slike møter avholdes når arbeidsgiver, arbeidstaker eller sykmelder ber om dette. I tilfeller hvor bedriftsintern tilrettelegging ikke fører frem, skal Arbeids- og velferdsetaten vurdere om arbeidsrettede tiltak skal prøves så tidlig som mulig.

Bedre data- og kunnskapsgrunnlag

IA-avtalen skal stimulere til kunnskapsutvikling innenfor innsatsområdene som er valgt for avtalen. Kunnskap om tiltak på arbeidsplassen og partssamarbeidet på arbeidsplassnivå skal også prioriteres. Det kan videre være behov for å utvikle et bedre data- og statistikkgrunnlag på bransje- og yrkesnivå innenfor IA-avtalens fokusområder, herunder sykefravær og egenmeldingsbruk, frafall, arbeidsmiljø mv.

Virkemidler for prioriterte bransjer og sektorer

Bransjeprogrammer

Det etableres bransjeprogrammer i bransjer og sektorer hvor IA-partene er enige om å sette inn spisset og prioritert innsats for å støtte opp under målene for IA-avtalen. Partene og myndighetene skal sammen vurdere og komme frem til hvor mange og hvilke bransjer og sektorer, samt hensiktsmessig form på samarbeidet i de prioriterte bransjer og sektorer.

De utvalgte bransjene bør komme fra både offentlig og privat sektor. Andre kriterier for utvelgelse av prioriterte bransjer og sektorer vil være potensial for å redusere sykefravær og/eller frafall og bransjer som vurderes som særlig utsatt for omstilling. Bransjene skal pekes ut i første kvartal 2019, og bransjeprogrammene skal igangsettes i andre kvartal 2019.


Partene og myndighetene er enige om å prioritere utvikling og evaluering av tiltak i de bransjevise satsingene i regi av IA-avtalen og tiltak og virkemidler som støtter opp under målene for avtalen. Det skal legges til rette for at partene i bransjeprogrammene kan prøve ut ulike målrettede tiltak innenfor de valgte satsingsområdene: forebyggende arbeidsmiljøarbeid og oppfølging av lange og/eller hyppig gjentakende sykefravær. Det skal også settes i gang følgeforskning og evalueringer av tiltakene på en slik måte at man får best mulig grunnlag for å vurdere virkninger av de samlede virkemidlene.

Oppfølging av IA-avtalen

Partene ved Arbeidslivs- og pensjonspolitisk råd skal årlig, på bakgrunn av erfaringer og utviklingstrekk, vurdere oppnådde resultater for målene i avtalen.

Dersom resultatene av IA-arbeidet utvikler seg i feil retning, vil myndighetene ta initiativ til drøftinger med partene i avtalen om hvilke justeringer som er nødvendige.

Oslo 18. desember 2018




Regjeringen ved arbeids- og sosialministeren



Næringslivets



Hovedorganisasjon Landsorganisasjonen i Norge



KS




Unio



Hovedorganisasjonen Virke



Yrkesorganisasjonene



Arbeidsgiverforeningen Spekter



Akademikerne



Staten som arbeidsgiver ved kommunal- og moderniseringsministeren

VEDLEGG

Partene er enige om følgende prioritering av ressurser til virkemidler:

Virkemidler	Ressursramme 2019 2022
Ny arbeidsmiljø-satsing	70 mill. kroner i 201 9, deretter 50 mill. kroner årlig
Koordinert arbeidslivstjeneste	Arbeidslivssentrene
HelseArbeid	Arbeidslivssentrene
Nytt tilskudd til ekspertbistand	50 mill. kroner årlig
Kompetansetiltak - forsøk	70 mill. kroner årlig
Bransjeprogrammer, inkludert utvikling, forsøk, følgeevalueringer	60 mill. kroner i 201 9, deretter 80 mill. kroner årlig
Kunnskapsutvikling, Kunnskapsgrunnlag	21 mill. kroner årlig
Utvikling kursmodul og utprøving (SKIL)	Totalt 2 mill. kroner i 2019-2021
Opplæring i arbeidsmiljøarbeid	Årlig, dekkes av partene

¹ Under forutsetning av at den økonomiske rammen er i tråd med statsstøtteregelverket.

	Aukra kommune	Arkivsak: 2018/1031-4
		Arkiv:
		Saksbeh: Rannveig H. Sporsheim
		Dato: 14.02.2019

Saksframlegg

Utv.saknr.:	Utval:	Møtedato:
7/19	Arbeidsmiljøutvalet	20.02.2019

Oppfølging av saker - Kontrollutvalet

Rådmannen si tilråding:

Vedlegg

- 1 Brev frå Kontollutvalet 17.12.2018 Oppfølging av saker - Kontrollutvalet

Særutskrift:

Bakgrunn:

Brev frå Kontrollutvalet i Aukra kommune.

Utgreiing:

Viser til brev med følgjande 2 punkt som tilbakemelding av sakene som har vore behandla i AMU.

- Utvalet ønskjer at det i protokollen kjem fram kven av deltakarane som møter frå arbeidstakar og arbeidsgjevarsida.
- Kontrollutvalet ser at AMU i stor grad tek sakene «Til orientering». Det er ønskeleg at det i større grad vert gjort konkrete vedtak knytt til arbeidet som AMU har ansvar for å følge opp.

Saka vert lagt fram til drøfting og vedtak.

Administrative konsekvensar:

Ingen

Økonomiske konsekvensar:

Ingen

Ingrid Husøy Rimstad
Rådmann

Rannveig H. Sporsheim
Personalsjef

Kontrollutvalet i Aukra kommune

Sekretariatet:

Telefon: 71 11 15 79 - direkte

Mobil: 91 37 11 12

E-post: jane.anita.aspen@molde.kommune.nopostmottak@kontrollutvalgromsdal.noWeb: www.kontrollutvalgromsdal.no

Arbeidsmiljøutvalet

✓/leiar

Dykkar referanse:

Vår referanse:
2018-520/JAAArkivkode:
1547-033Stad/dato
Aukra, 17.12.2018

OPPFØLGING AV SAKER – KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet er kommunestyret sitt kontroll- og tilsynsorgan og skal utføre det løpende tilsynet med kommunen og kommunen si verksemd på vegne av kommunestyret, jf. Kommuneleova § 77 nr 1.

Dette gjeld både tilsyn med kommunen sin administrasjon og med politiske utval som er delegert mynde til å utføre oppgåver på vegne av kommunestyret.

Sidan det kom fram i Aukra kommune sin årsrapport for 2016 at Arbeidsmiljøutvalet (AMU) i 2016 ikkje hadde gjennomført møter, har kontrollutvalet fulgt tett AMU sitt arbeid. Det har vore gjennomført dialogmøter mellom kontrollutvalet, administrasjonen og arbeidstakersida. Kontrollutvalet får også framlagt møteinnkallingar og protokollar frå møter i AMU som referatsaker.

Kontrollutvalet ser at det no vert halde jamlege møter i AMU, der det vert tatt opp relevante saker. Det er også svært positivt at det har kome på plass eit lokalt Arbeidsmiljøutval innan institusjonstenestene.

Utvalet har nokre tilbakemeldingar til protokollane frå desse møta, som det er ønskjeleg å overbringe til AMU:

- Utvalet ønskjer at det i protokollen kjem fram kven av deltakarane som møter frå arbeidstakar og arbeidsgjevarsida.
- Kontrollutvalet ser at AMU i stor grad tek sakene «Til orientering». Det er ønskeleg at det i større grad vert gjort konkrete vedtak knytt til arbeidet som AMU har ansvar for å følgje opp.

Kontrollutvalet i Aukra kommune

Oddvar Hoksnes
leiar

Kopi: utvalssekretær
rådmann



Saksframlegg

Utvallssaksnr	Utval	Møtedato
PS 03/19	Kontrollutvalet	25.2.2019

BESTILLING AV FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT

Sekretariatet si tilråding:

Sekretariatet si tilråding

1. Kontrollutvalet bestiller følgjande forvaltningsrevisjonsprosjekt:
Brukarmedverking innan helse og omsorg.
2. Undersøkinga skal bygge på aktuelle problemområder som er skissert i møteprotokollen.
3. Prosjektet vert bestilt utført hos Møre og Romsdal Revisjon IKS.
4. Prosjektplan skal utarbeidas og leggas fram for kontrollutvalet.

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet sine oppgåver ved forvaltningsrevisjon følgjer av kommunelova § 77 nr. 4, og er utdjupa i Forskrift for kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner kapittel 5.

Det følgjer av forskrifta § 9 første ledd:

”Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens virksomhet årlig blir gjenstand for forvaltningsrevisjon i samsvar med bestemmelsene i dette kapittel.”

Plan for forvaltningsrevisjon viser innafør kva tema forvaltningsrevisjon skal gjennomførast. Kontrollutvalet i Aukra vedtok sin Plan for forvaltningsrevisjon 2016 -2019 i møte 15.9.2016, sak 22/16.

Aukra kommunestyre gjorde endeleg vedtak 11.10.2016, K-sak 77/16 Overordna analyse-Plan for forvaltningsrevisjon 2016-2019.

Kommunestyret godkjenner kontrollutvalet sitt forslag til Aukra kommune sin plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016-2019. Kontrollutvalet får fullmakt til å prioritere mellom tema som er omtala i planen eller prioritere andre tema for forvaltningsrevisjons-prosjekt, dersom desse uføresett oppstår i planperioden.

I kontrollutvalet sitt møte 10.12.2018, sak 36/18 Bestilling av forvaltningsrevisjonsprosjekt fatta utvalet følgjande vedtak:

Vedtak i saka vert utsett til neste møte.

Sekretariatet arbeider vidare med problemstillingar innafør dei tema som utvalet peikte på som mest aktuelle.

Av protokollen så går det fram at utvalet gjennom diskusjon, kom fram til at følgjande tema utpeikar seg som mest aktuelle:

- Brukarmedverking
- Omstilling
- Psykisk helse og rus/utanforskap

VURDERING

Forvaltningsrevisjonsarbeidet er ein sentral del av kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunal sektor og det er difor viktig at kontrollutvalet brukar plan for forvaltningsrevisjon som eit reiskap for å utøve ein mest mogeleg målretta og effektiv tilsynsfunksjon i kommunen, i tråd med kommunestyret sine signal.

Forvaltningsrevisjon gir kontrollutvalet høve til å fordjupe seg i ulike saksforhold innan alle verksemdsområder i kommunen. Forvaltningsrevisjon er nyttig for utvalet si kontrollverksemd, for internkontrollen og for forbetningsarbeidet i kommunen. Ved bestilling av forvaltningsrevisjonsprosjekt har kontrollutvalet stor innverknad på dei problemstillingar prosjektet skal gje svar på. Det er difor viktig at kontrollutvalet drøfter grundig val av tema, føremål og problemstillingar for å sikre at prosjektet blir gjennomført i samsvar med utvalet sine ønskjer.

I saksframlegget vert det utgreidd dei tre områda som kontrollutvalet i møte 10.12.2018 peika på som mest aktuelle.

Brukarmedverking

Brukarmedverking er ikkje eit tema som ut frå risiko- og vesentlegvurderinga er særleg aktuelt for forvaltningsrevisjon i perioden, men det er tatt med i plan for forvaltningsrevisjon 2016-2019 som eit tema som kan vere aktuelt.

Revisjonen skriv i den overordna analyse at *«Brukerinvolvering og brukerperspektivet er fortsatt dårlig ivaretatt i mange kommuner.»*

Dersom ein skal legge dette temaet til grunn så kan en velje å gå breidt ut og kartlegge brukarinvolvering generelt i kommunen, eller en kan sjå på eitt konkret område og sjå korleis brukarmedverking fungerer på dette området.

Aktuelle problemstillingar dersom ein går breidt ut:

- Gjennomfører Aukra kommune brukarundersøkingar på sentrale områder i kommunen?
- Korleis legg kommunen til rette for brukarinvolvering?
- Korleis nyttar kommunen resultat frå brukarundersøkingar i kommunen si planlegging av tenestetilbod?

Aktuelle problemstillingar dersom ein ser på eit konkret felt:

- Får pasient og brukarar medverke til gjennomføring av helse og omsorgstenestene dei mottek, og vert tenestetilbodet utforma i samarbeid med pasient, brukar og pårørande?
- Har kommunen eit system for å innhente erfaringar frå brukarar, pasientar og pårørande av helse og omsorgstenester i kommunen?
- Blir erfaringar frå brukarar og pårørande brukt til å planlegg og forbetre helse- og omsorgstenestene i Aukra kommune?

Omstilling

Brukarmedverking er heller ikkje eit tema som ut frå risiko- og vesentlegvurderinga er særleg aktuelt for forvaltningsrevisjon i perioden. Temaet var likevel tatt med i plan for forvaltningsrevisjon 2016-2019, som eit tema som kunne vere aktuelt for forvaltningsrevisjon i perioden.

I 2015 vedtok kommunestyret i Aukra eit prosjekt for å effektivisere organisasjonen. Kommunen har dei siste åra vore gjennom ein stor omstillingsprosess i samband med at det skulle planleggast og takast i bruk nytt omsorgssenter. Det har også vore eit omstillingsprosjekt innan tekniske tenester.

Revisjonen skriv i den overordna analysen; «Kommunen må ha kompetanse og kapasitet til å gjennomføre gode omstillingsprosesser.»

- Vert omstillingsprosessar i Aukra kommune gjennomført i tråd med gjeldande lovverk og avtalar, interne retningslinjer og planlagde prosessar?
- Har Aukra kommune innført evalueringstiltak for måling av effektar/konsekvensar om omstillingane?

Psykiatri og rus

Psykisk helse og rus er eit tema som ut frå tema som ser ut frå risiko- og vesentlegvurdering er tatt med i plan for forvaltningsrevisjon 2016-2019 som særleg aktuelt for forvaltningsrevisjon i perioden.

Revisjonen skriv følgjande i overordna analyse; «*Det opplyses i årsrapport 2015 at Psykisk helse- og rusomsorg er styrket med en stilling i 2015. Det opplyses videre at klinisk tverrfaglig team kom i drift fra desember. Teamet skal skape et faglig godt og helhetlig tjenestetilbud. Det ble i 2015 gjennomført et arbeid med utarbeidelse av oppdatert og samlende plan for rus og psykiatri.* Revisjonen peikar då særleg på oppfølging av planen, som aktuelt å følgje opp. Helsetilsynet (fylkesmannen) har det siste året gjennomført tilsyn i fleire kommunar i Møre og Romsdal knytt til om kommunen legg til rette for og følgjer opp at vaksne personar over 18 år med samtidig rusmiddelproblem og psykisk lidning (ROP-pasientar) får individuelt tilpassa, samordna og forsvarlege helse- og omsorgstenester og sosiale tenester.

Ved ein forvaltningsrevisjon så kan aktuelle problemstillingar vere:

- Har kommunen eit system som fangar opp innbyggjarane sitt behov for tenester innan psykiatri og rus?
- Kartlegg kommunen brukarane sin heilskaplege situasjon og sikrar at brukarane får naudsynt hjelp?
- Får brukarane heilskaplege og koordinerte tenester?

Kontrollutvalet peikte i førre møte på om temaet psykiatri og rus, kan sjåast i samanheng med utanforskap. Utanforskap er eit tema som ligg i planen under Barn og unge»

«Utenforskap» er i den overordna analysa definert slik; «*Utenforskap betegner mennesker eller grupper som står på utsiden av fellesskapet. Det kan være personer som står utenfor skole- eller arbeidsliv som har et svært begrenset sosialt nettverk eller som ikke opplever tilhørighet i storsamfunnet. Utenforskap er et strukturelt samfunnsproblem. Det har store konsekvenser som er til hinder for at enkelte mennesker kan leve gode liv.*»

Statistikk som revisjonen viser til i den overordna analysa, viser at det er færre ungdommar i Aukra kommune som fullfører vidaregåande opplæring enn elles i fylket. Det kan vere ulike årsakar til at ungdommar ikkje fullfører vidaregåande opplæring. Men psykiske vanskar eller sosiale problem kan vere årsakar.

Det er også råd å finne problemstillingar innan temaet, som særleg rettar seg mot barn og unge;

- Har kommunen eit system som fangar unge under 18 år sitt behov for tenester innan psykiatri og rus?
- Har Aukra kommune sett i verk førebyggjande tiltak for born og unge innan psykisk helse og rus?

- Korleis fungerer samarbeid mellom instansar som har ansvar for psykisk helsearbeid for barn og unge?

OPPSUMMERING

Etter revisjonsstandarden som vert nytta for forvaltningsrevisjonsprosjekt, så skal det om utvalet vel å bestille eit forvaltningsrevisjonsprosjekt, utarbeidast eit utkast til prosjektplan av revisjonen. Prosjektplanen skal danne grunnlaget for gjennomføringa av prosjektet. Saksframlegget, øteprotokoll og kontrollutvalet sine drøftingar i møte, vil danne grunnlag for revisor sin utarbeiding av prosjektplan. Revisjonen vil i prosjektplanen gjere presiseringar og avgrensingar i samsvar med standard for forvaltningsrevisjon. Prosjektplanen skal godkjennast av kontrollutvalet. Dersom revisjonen gjer vesentlege endringar eller avgrensingar i prosjektet etter at prosjektplanen er godkjent, så må kontrollutvalet informerast om dette.

Sekretariatet har i saksframlegget skissert aktuelle problemstillingar innfor dei områda som kontrollutvalet i førre møte peika på som mest aktuelle for ein forvaltningsrevisjon.

Revisjonen har på førespurnad frå sekretariatet gjeve følgjande innspel:

«Kontrollutvalgene velger ofte prosjekt som de mener vil gi en merverdi for kommunens innbyggere. Dette betyr at nytteverdien for kommunen og dets innbyggere overstiger kostnaden med det arbeidet som utføres. Etter vår vurdering ivaretas dette hvis kontrollutvalget velger brukerorientert prosjekt. I forhold til de tre temaene du skal utrede vil prosjekt om brukarmedvirkning (innenfor en tjeneste) ivareta dette. Et slikt prosjekt vil også kunne ha nytteverdi for andre enheter i kommunen.»

Revisjonen peikar på at eit prosjekt innan brukarmedverking vil kunne ha nytteverdi for fleire einingar i kommunen. Det er eit viktig argument når ein skal velje eit prosjekt.

Sekretariatet ser samstundes at psykiatri og rus er det einast temaet som ligg i planen som ut frå ein risiko- og vesentlegvurdering er særleg aktuelt. Slik sekretariatet vurderer det, er ikkje dette temaet blitt mindre aktuelt sidan planen vart utarbeidd i 2016.

Sekretariatet rår ut får ei samla vurdering til at kontrollutvalet vel Brukarmedverking innan helse og omsorg, som tema for neste forvaltningsrevisjonsprosjekt.

Jane Anita Aspen
daglig leder



Saksframlegg

Utvallssaksnr	Utval	Møtedato
PS 04/19	Kontrollutvalet	25.2.2019
	Kommunestyret	

KONTROLLUTVALET. ÅRSMELDING FOR 2018

Sekretariatet si tilråding

Kontrollutvalet vedtar årsmeldinga for 2018. Saka vert lagt fram for kommunestyret med følgjande innstilling:

Kontrollutvalet si årsmelding for 2018 vert teke til vitande.

Bakgrunn for saka

Etter lov om kommuner og fylkeskommuner (kommunelova) § 76 er det kommunestyret som har det øvste kontroll- og tilsynsansvaret med den kommunale forvaltninga.

Kontrollutvalet er kommunestyret sitt kontroll- og tilsynsorgan og skal utfører det løpande tilsynet med kommunen og kommunen si verksemd på vegne av kommunestyret, jf. Kommunelova § 77 nr 1.

Utvalet rapporterer sine saker til kommunestyret etter kvart gjennom året. For å oppsummere føregående års aktivitet og for å gje kommunestyret eit innblikk i verksemda, utarbeider kontrollutvalet ei årsmelding som vert lagt fram for kommunestyret.

Det følgjer av koml. § 77 nr 6 første punktum:

”Kontrollutvalet skal rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget.”

Vedlagt følgjer:

- Årsmelding for 2018 for kontrollutvalet i Aukra
- Oversikt over handsama saker i 2018

VURDERING

Kommunelova sine reglar om tilsyn og kontroll gir kommunestyret og kontrollutvalet betydeleg ansvar og det er difor viktig med dialog mellom kontrollutvalet og kommunestyret.

I tillegg til kontrollutvalet sine fråsegner til kommunen sitt årsrekneskap og sluttrekneskap for byggje- og investeringsprosjekt, samt oversending av avslutta forvaltningsrevisjonsprosjekt gjennom eigne forvaltningsrevisjonsrapportar, finn ein det føremålstenleg å gje ei oppsummering av kontrollutvalet si verksemd i løpet av året gjennom ei eiga årsmelding.

Årsmeldinga kan bidra til å synleggjere kontrollutvalet si rolle og auke kunnskapen i kommunestyret om kontrollutvalet sitt arbeid. Kommunestyret vert invitert til å kome med innspel og tankar knytt til kontrollutvalet si verksemd.

Sekretariat viser til vedlagte årsmelding for kontrollutvalet for 2018.

Jane Anita Aspen
daglig leder



KONTROLLUTVALET I AUKRA KOMMUNE

ÅRSMELDING FOR 2018

1. INNLEIING

Etter lov av 25. september 1992 nr 107 om kommunar og fylkeskommunar (kommunelova) § 77 er Aukra kommune pålagt å ha eit kontrollutval. Utvalet er kommunestyret sitt kontrollorgan og skal på vegne av kommunestyret, førestå det løpande tilsynet med kommunen si forvaltning.

Utvalet si uavhengige stilling i forhold til andre folkevalde organ og administrasjonen, er ivaretatt gjennom strenge krav til kven som kan veljast til utvalet.

2. UTVALET SI SAMANSETJING

Kontrollutvalet i Aukra kommune har i 2018 hatt følgjande samansetjing:

Funksjon	Namn	Parti	Varamedlemmer	Nr	Namn	Parti
Leder	Oddvar Hoksnes*	Krf		1	Jørgen Svenheim	Sp
Nestleder	Ole Rakvåg*	H		2	Oddmund A. Varhaugvik	Krf
Medlem	Wilhelm Andersen	Ap		3	Øyvind Solem	Ap
Medlem	Oddbjørg Sporsheim	V				
Medlem	Håkon Inge Sporsheim	Frp				

*medlem av kommunestyret.

3. SEKRETARIAT

”Kommunestyret og fylkestinget skal sørge for sekretærbistand til kontrollutvalget.”, jf. Kommunelova § 77. nr 10

Kommunane Aukra, Eide, Fræna, Gjemnes, Molde, Nesset, Rauma, Sunndal og Vestnes har frå 2004 hatt samarbeidsavtale om interkommunal sekretærfunksjon for kontrollutvala. Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal vart i 2013 oppretta som eit interkommunalt samarbeid (IS) etter kommunelova § 27 med status som eige rettssubjekt og med eige styre. Styret er samarbeidet sitt øvste organ og har arbeidsgjevaransvaret for sekretariatet sine tilsette. Stig Holmstrøm, Vestnes kommune, er valt til styreleiar og Lars Ramstad, Rauma kommune er valt til nestleiar.

I 2018 er sekretærfunksjonen for kontrollutvalet i Aukra ivaretatt av daglig leder i Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal, Jane Anita Aspen.

Sekretariatet skal sjå til at dei saker som kontrollutvalet handsamar er forsvarlig utgreidd og at utvalet sine vedtak blir sett i verk, jf. § 20 2. ledd, forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner.

4. OPPGÅVER OG VERKSEMD I 2018

4.0 Saksbehandling og møteavvikling

Kontrollutvalet har i 2018 hatt 6 møter og handsama i alt 39 protokollerte saker. Av desse er 4 saker sendt til kommunestyret for endeleg handsaming. I tillegg er det i 2018 lagt fram 40 referatsaker og 6 orienteringssaker.

Kontrollutvalet sine møteprotokollar vert lagt fram for kommunestyret som referatsak.

Kontrollutvalet sine møter vert halde for opne dører og møta blir halde på kommunehuset.

Kontrollutvalet har på førespurnad fått orienteringar frå administrasjonen og revisjonen i saker som har vore til handsaming i møta.

Reglement for kontrollutvalet

Reglement for kontrollutvalet i Aukra vart vedteke av kommunestyret i møte 22.09.2011, k-sak 72/11. I kommunestyret sitt møte 17.9.2015 sak 75/15, vart reglementet revidert.

Plan for Kontrollutvalet si verksemd 2017-2019

Kontrollutvalet ser det som tenleg at det for kvar valperiode vert laga ein plan for kontrollutvalet si verksemd. Det er naturleg at denne vert laga av det nye kontrollutvalet det første år etter nytt val. Det er naturleg at planen vert sendt til kommunestyret for godkjenning. På denne måten kan kommunestyret også involverast i å sette rammer for kontrollutvalet si verksemd i gjeldande valperiode. Sidan vi var langt ut i valperioden, så valde kontrollutvalet i møte 27.9.2017, sak 29/17, å godkjenne plan for kontrollutvalet si verksemd 2017/2019, utan å sende den til godkjenning til kommunestyret.

Plan for kontrollutvalet si verksemd 2017-2019 er ein overordna plan som må konkretiserast i ein årleg arbeidsplan. Kontrollutvalet har laga ein arbeidsplan som er bygd opp etter same mal som Plan for kontrollutvalet si verksemd 2017-2019. Arbeidsplanen blir fortløpande oppdatert.

Representasjon

Nestleiar Ola Rakvåg har deltatt som varamedlem i dei tre styremøta som har vore avvikla i Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal i 2018.

Utvalsmedlemma Oddbjørg Sporsheim og Wilhelm Andersen deltok på **NKRFS¹ Kontrollutvalgskonferanse 2018** på Gardermoen 7.- 8. februar 2018.

Nestleiar Ole Rakvåg og utvalsmedlem Håkon Inge Sporsheim deltok på **FKTs² Årsmøte og Fagkonferanse 2018** på Gardermoen 29.- 30. mai 2018.

Ole Rakvåg, Wilhelm Andersen, Oddbjørg Sporsheim og Håkon Inge Sporsheim deltok også på **Opplæringsksamling** for kontrollutvala som Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal betener. Samlinga vart avvikla på kommunehuset i Gjemnes kommune 7.11.2018. Hovudtemaet var Habilitet. I tillegg var det ei økt om nytt personvernregelverk og om ny kommunelov. Kontrollutvalsmedlemmer og varamedlemmer var invitert til å delta.

4.1 Tilsyn med revisjonen

I følgje § 4 i forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner, skal kontrollutvalet sjå til at kommunen eller fylkeskommune har ei forsvarleg revisjonsordning.

Kommunestyret i Aukra valde i møte 07.05.2015, sak 49/15, å inngå som deltakar i Møre og Romsdal Revisjon IKS og valde selskapet som revisor for kommunen. I vedtaket fekk

¹ Norges Kommunerevisorforbund

² Forum for Kontroll og Tilsyn

kontrollutvalet mandat til å inngå og godkjenne engasjementsavtale med Møre og Romsdal Revisjon IKS.

Av ulike årsaker kom Møre og Romsdal Revisjon IKS (MRR) ikkje i drift før frå 1.februar 2017. Dagleg leiar i selskapet er Veslemøy E. Ellinggard. Det er Ronny Rishaug som er oppdragsansvarlege rekneskapsrevisor for Aukra kommune.

Kontrollutvalet i Aukra godkjente oppdragsavtalen med MRR i møte 20.11.2017, sak 34/17. I avtalen vert det bl.a. føreset at revisjonen skal legge til rette for at kontrollutvalet kan oppfylle sitt ansvar for tilsyn med revisjonen. I dette ligg det at revisjonen skal rapportere til kontrollutvalet frå sitt arbeid og ha eit kvalitetssystem i samsvar med lov og revisjonsstandardar.

Utvalet har i 2018 fått framlagt følgjande:

- **Interimsrapport rekneskapsrevisjon – Revisjonsåret 2017**
- **Rekneskapsrevisjon. Presentasjon av årsoppgjer 2017**
- **Kommunikasjons-/revisjonsplan 2018**
- **Revisor sin vurdering av uavhengighet**
- **Interimsrapport rekneskapsrevisjon – Revisjonsåret 2018**

Dokumenta er supplert med munnleg orientering frå revisor. Vidare er revisjonsmelding lagt fram for utvalet.

4.2 Fråsegn til rekneskapan

Kontrollutvalet sine oppgåver ved rekneskapsrevisjon følgjer av forskrift om kontrollutvalg kap. 4, §§ 6-8.

Utvalet har handsama og vurdert årsrekneskapan for 2017 for **Aukra kommune**, og gitt si fråsegn til denne.

I tillegg har utvalet fått seg førelagt kommunen sine tertialvise økonomirapportar.

Kontrollutvalet har fått seg førelagt som orienteringssak den årlege skatterekneskapan frå skatteoppkrevjar saman med Skatteetaten sin kontrollrapport med skatteoppkrevjarfunksjonen.

Kontrollutvalet har i 2018 ikkje fått seg førelagt sluttrekneskap for investeringsprosjekt.

4.3. Nummererte brev

I forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner § 4, er det krav om at revisor skriftleg skal påpeike nokre forhold overfor kontrollutvalet. Det er lista opp sju forhold som krev slik rapportering i brev. Reglane er ikkje til hinder for at revisor sjølv kan vurderer om det er andre forhold som også bør rapporteras til kontrollutvalet.

Kontrollutvalet har mottatt Revisjonsbrev nr. 1.2018, datert 5.7.2018 frå Møre og Romsdal Revisjon IKS.

Når kontrollutvalet i Aukra handsama Årsrekneskapan for 2017, så gjekk det fram av revisjonsmeldinga at revisjonen hadde tatt eit atterhald. Dette atterhaldet er omtalt i revisjonsbrev nr. 1-2018.

Etter revisjonen si meining er avsetting av påløpte tilskot frå IMDI vesentleg lågare enn den rekneskapsførte verdien i den framlagte årsrekneskapan. Etter revisjonen si meinig burde det vore føretatt ein reduksjon med kr 3 448 013,- på grunn av endeleg avslag på tilskot og kr 2 234 562,- på grunn av manglande dokumentasjon av innvilga tilskot.

Kontrollutvalet skreiv i sin uttale til årsrekneskapen; «*Utvalet vil følgje opp at rådmannen set i verk tiltak for å sikre naudsynt kvalitetssikring av informasjon frå einingane, slik at ein unngår forhold som tidlegar beskrive.*»

4.4 Forvaltningsrevisjonsrapportar

Kontrollutvalet sine oppgåver ved forvaltningsrevisjon følgjer av forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner §§ 10-12.

Det er utarbeidd **Overordna analyse -Plan for forvaltningsrevisjon 2016 – 2019** som vart handsama av kontrollutvalet i møte 15.9.2016, sak 22/16 og endeleg vedteke av kommunestyret i møte 11.10.2016 i K sak 77/16.

Kontrollutvalet har i møte 15.3.2018, sak 10/18 behandla følgjande forvaltningsrevisjonsprosjekt:

- **Aukra kommune – Offentlige anskaffelser**

Prosjektet vart endeleg handsama av kommunestyret i møte 17.4.2018 i k-sak 29/18. Kommunestyret gjorde følgjande vedtak:

1. Aukra kommunestyre tar forvaltningsrevisjonsrapporten **Aukra kommune – Offentlige anskaffelser** til vitande og sluttar seg til følgjande tilrådingar:

Tiltak for etterleving av regelverket

- Aukra kommune bør sikre at alle tilsette med bestillarfunksjon får skriftleg fullmakt med beløpsgrense.
- Aukra kommune bør sikre at tilsett med bestillarfunksjon får naudsynt opplæring i regelverket om offentlege anskaffingar. Den opplæring som vert gitt bør dokumenterast.
- Aukra kommune bør sikre at alle innkjøp/anskaffingar blir kontrollert.
- Aukra kommunestyre ber om at forslaget frå Katrine Rindarøy vert innarbeidd i retningslinjer og regelverk mot sosial dumping i byggeprosjekt, jamfør «Telemarksmodellen» som er utarbeid av Telemark fylkeskommune

Anskaffingar etter regelverket

- Kommunen bør sikre at alle anskaffingar inntil 100 000 også blir gjort med konkurranse ved at det blir henta inn tilbod frå fleire tilbydarar.
- Kommunen sitt innkjøpsreglement bør oppdaterast i forhold til beskriving av EØS sine terskelverdiar og det nye regelverket frå 1.1.2017.
- Aukra kommune bør dokumentere anskaffingsprosessane og utarbeide protokoll der det er krav om dette etter regelverket.
- Kommunen bør følgje opp sine reglar om saksdokumentasjon knytt til ei kvar anskaffing under alle fasar av anskaffinga, skal oppbevarast samla, systematisk ordna i eit tenleg arkivsystem.
- Kommunen bør sikre at det blir tatt omsyn til miljømessige konsekvensar under planlegging av kvar enkelt anskaffing

Bruk av rammeavtalar

- Kommunen bør sikre at alle tilsette med bestillarfunksjon veit kvar dei kan finne rammeavtalar og at dei blir oppmoda til å bruke desse ved bestilling av forbruksmateriell.
- Aukra kommune bør styrke opplæringa i e-handel og oppmode dei som bestiller til å bruke e-handel ved innkjøp av forbruksvarer.

Organisering av området

- Aukra kommune bør vurdere om organisering av innkjøpsområdet er tenleg, under dette tal på personar med bestillarfunksjon.

2. Kommunestyret ber rådmannen om å syte for at tilrådingane blir følgt og påsjå at arbeidet vert gjennomført.
3. Kommunestyret ber rådmannen om å gje kontrollutvalet ein skriftleg plan for oppfølging av tilrådingane, slik at planen kan behandlast i kontrollutvalet sitt møte 14. juni 2018.

Rådmannen sin plan for oppfølging av tilrådingane vart lagt fram for kontrollutvalet i møte 14.6.2018, sak 21/18. Kontrollutvalet fatta følgjande vedtak:

*Kontrollutvalet er tilfreds med det arbeidet som så langt er gjort.
Kontrollutvalet ser med interesse fram til å motta ein statusrapport for arbeidet til første kontrollutvalsmøte i 2019.*

Kontrollutvalet behandla i møte 10.12.2018, sak 36/18 bestilling av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt. Kontrollutvalet fatta følgjande vedtak:

*Vedtak i saka vert utsett til neste møte.
Sekretariatet arbeider vidare med problemstillingar innafor dei tema som utvalet peikte på som mest aktuelle.*

4.5 Selskapskontroll

Kontrollutvalet sine oppgåver ved selskapskontroll følgjer av forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner kap. 6, §§14-15.

Det er utarbeidd **Overordna analyse - Plan for selskapskontroll 2016 – 2019** som vart handsama av kontrollutvalet i møte 15.09.2016, sak 23/16 og endeleg vedteke av Aukra kommunestyre 11.10.2016 i K sak 76/16.

Gjennomføring av eigarskapskontroll føreset at kommunen har utarbeida eigarskapsmelding (retningslinjer for forvaltning av kommunens interesser i selskap samt eigarstrategiar for kvart enkelt selskap). Eigarskapsmelding for Aukra kommunevart vedteke av kommunestyret i møte 31.03.2011 i K-sak 21/11 og revidert i K-sak 80/16.

Kontrollutvalet har ikkje vorte varsla om at det er halde representantskapsmøter i interkommunale selskap (IKS) eller generalforsamlingar i kommunalt heileigde aksjeselskap (AS) i 2018.

Etter kommunelova § 80 skal kontrollutvalet og kommunen sin revisor varslast og har rett til å være tilstades på selskapa si generalforsamling, samt møter i representantskap og tilsvarende organ.

Kontrollutvalet har i 2018 ikkje gjennomført nokon selskapskontroll, men i utvalet sitt møte 8.5.2018, fekk kontrollutvalet ei orientering frå **Molde og Romsdal Hamn IKS**. Orienteringa vart gjeve av Olav Aksenvoll, havnedirektør og Dagrún K. Stakvik, økonomileiar i selskapet. Det vart gjeve orientering om følgjande:

- Generell informasjon om verksemda til selskapet
- Økonomien i selskapet
- Informasjon om forhold som særskilt er knytt til Aukra kommune.

4.6 Særskilte oppgåver for kontrollutvalet

Kontrollutvalet sine særskilte oppgåver følgjer av forskriftens kap. 7, §§16-17.

Val av revisjonsordning

Etter kontrollutvalet si tilråding vedtok kommunestyret i Aukra i møte 07.05.2015, i sak 49/15 og 50/15, å inngå som deltakar i Møre og Romsdal Revisjon IKS og at selskapet blir

valt som revisor for kommunen frå 1.7.2015. På grunn av forseinkingar var ikkje selskapet i drift før 1.2.2017.

Møre og Romsdal Revisjon IKS har hausten 2018 forhandla om samanslåing med Kommunerevisjonsdistrikt 3 (Nordre Sunnmøre). Representantskapet i Møre og Romsdal Revisjon IKS skal i januar 2019 behandle resultatet frå forhandlingsutvalet sitt arbeid. Dersom det blir gjort vedtak om samanslåing, så vil ein i 2019 behandle ei ny sak om val av revisor.

Budsjettbehandling

Kontrollutvalet utarbeider forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen.

4.7 Oppfølging av politiske vedtak

Kontrollutvalet fekk i møte 15.2.2018, jf. sak 06/18, framlagt liste over politiske vedtak som ikkje er sett i verk. Sak om skogrydding knytt til vedtak i kommunestyret i 2013 er ikkje sett i verk. Rådmannen vil følgje opp saka.

Når det gjeld oversikt over oppfølging av vedtak i tertialrapporteringa, så opplyser rådmannen at ho ikkje vil følgje oppmodinga om dette. Rådmannen vil sørge for at det vert lagt fram sak om vedtak som ikkje er følgt opp i same møte som tertialrapportane. Kontrollutvalet ser ikkje at det vert gjort.

I kontrollutvalet sitt møte 8.5.2018 fekk utvalet i møte utdelt oppdatert liste med status for vedtaksoppfølging. Utvalet ønskjer at det i merknadsfeltet vert gjeve konkret informasjon om status. Fagsjef plan, Kjell Lode, orienterte kontrollutvalet i møte, jf. OS 04/18. Det blir no lagt fram sak for kommunestyret der det blir skissert vidare handtering av skogryddingssaka. Det er lagt inn midlar til Forvaltningsplan skog, i budsjettet for 2019.

4.8 Oppfølging av kontrollutvalet sine saker

Saker frå kontrollutvalet som ikkje er endeleg avslutta pr. 31.12.2018 er følgjande:

Sak nr / dato	Sakstittel	Vedtak	Merknad
KU sak 42/15 24.11.2015 K-sak 08/16 2.2.2016 KU sak 04/17 08.02.17	Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport «Informasjonssikkerhet i aukra kommune»	Kontrollutvalet tar administrasjonen si oppfølging av forvaltningsrevisjonsprosjektet « Informasjonssikkerhet i Aukra kommune , medrekna revisjonen si vurdering av kommunen si oppfølging datert 24.1.2017, til orientering. Kontrollutvalet ønskjer hausten 2017 å følgje opp attståande arbeid med å implementere rutinar, inngåing av databrukaravtalar og avvikshandtering	Utvalet fekk statusrapport i møte 15.2.2018, jf. OS 02/18. Kontrollutvalet ønskjer å følgje temaet informasjonssikkerheit vidare, då dette generelt vert opplevd som eit risikoområde med det fokus som er på digitalisering i kommunane.
KU sak 10/18 15.03.18 K- sak 29/18 17.04.18 KU sak 21/18 14.06.18	Forvaltningsrevisjonsprosjekt «Offentlige anskaffelser i Aukra kommune	Rådmannen sin plan for oppfølging av tilrådingane vart lagt fram for kontrollutvalet i møte 14.6.2018, sak 21/18. Kontrollutvalet fatta følgjande vedtak: <i>Kontrollutvalet er tilfreds med det arbeidet som så langt er gjort.</i> <i>Kontrollutvalet ser med interesse fram til å motta ein statusrapport for arbeidet til første kontrollutvalsmøte i 2019.</i>	Statusrapport 1. møte 2019
KU sak 36/17 20.11.17	Oppfølgingsliste	I oppfølgingslista er følgjande saker ikkje avslutta: <ul style="list-style-type: none"> ▪ Oppfølging av politiske vedtak ▪ Arbeidsmiljøutvalet (AMU) ▪ Barnevernstenester ▪ Grunnskoleområdet ▪ Omstillingsprosessen i omsorgstenestene i 	Attståande saker frå oppfølgingslista for 2018 vert overført til oppfølgingsliste for 2019.

4.9 Spesielle undersøkingsoppgåver

Kontrollutvalet behandla i 2018 ingen saker knytt til økonomisk utroskap eller saker som refererte seg til uregelmessige forhold.

Utvalet vil likevel nemne at kontrollutvalet også i 2018 har brukt tid på å følge opp omstillingane i helse og omsorg og dei arbeidsmiljøutfordringar som har vore ved Aukraheimen.

Kontrollutvalet synes det er positivt at det no er oppretta eit eige AMU ved institusjonstenestene og at verneombod er kome på plass. Når ein har på plass formelle strukturar som AMU og verneombod, så har ein eit apparat til å handtere utfordringar før dei utviklar seg.

4.10 Verksemdsbesøk

For å bli kjent med den kommunale forvaltninga og for at tilsette i kommunen skal bli betre kjent med kontrollutvalet, kan utvalet gjennomføre besøk i ei kommunal verksemd eller få orientering frå ein einingsleiar. Gjennomføring av verksemdsbesøk/ orientering gir kontrollutvalet eit godt innblikk i den kommunale forvaltninga og gir verksemda høve til å bli kjent med kontrollutvalet.

Kontrollutvalet har i 2018 ikkje hatt kapasitet til å gjennomføre verksemdsbesøk, men har hatt mange orienteringar frå administrasjonen knytt til konkrete spørsmål frå kontrollutvalet.

4.11 Sentrale kommunale styringsverktøy

Ei av kontrollutvalet sine oppgåver er å undersøke om kommunen har etablert ein forsvarleg og føremålstenleg internkontroll.

Rådmannen har ansvar for å etablere og følge opp at kommunen har eit tilfredsstillande internkontrollsystem; dvs. system og rutinar for å sikre tilstrekkeleg styring, måloppnåing og regeletterleving. Alle vesentlege rutinar bør vere skriftleg dokumentert med omsyn til korleis dei fungerer, og kva internkontroll som ligg inne i systema.

Aukra kommune har følgjande sentrale styringsverktøy:

- ❖ **Økonomireglement for Aukra kommune** (vedteke 28.09.05 i K-sak 69/05, revidert 13.12.18 i K-sak 93/18)
- ❖ **Delegeringsreglement for Aukra kommune** (vedteke i K-sak 106/12 og revidert i K-sak 16/14 og K-sak 113/16)
- ❖ **Reglement for finansforvaltning i Aukra kommune** (vedteke 19.6.2018) i K-sak 49/18.)
- ❖ **Investeringsreglement – nytt kap. 9 i Aukra kommunes økonomireglement** (vedteke 13.02.2014 i K-sak 4/14)
- ❖ **Eigarskapsmelding** (vedteke 11.10.2016 i K-sak 80/16)
- ❖ **Informasjonssikkerheit i Aukra kommune** – overordna plan (vedteke 7.2.2017 i K-sak 10/17)
- ❖ **Etiske retningslinjer for folkevalde og tilsette i Aukra kommune 2018-2022** (vedteke 17.4.2018 i k-sak 20/18)
- ❖ **Compilo** – Kommunen sitt elektroniske kvalitetsikringssystem

Reglementa dekkjer mellom anna områda budsjettdelegasjon, attestasjon og anvising, rapporteringsrutinar og delegert avgjerdsmynde. Finansreglementet regulerer plassering av ledig likviditet, langsiktige finansielle aktiva og forvaltning av kommunen si gjeldsportefølje. Nytt økonomireglement vart vedtatt i kommunestyret 13.12.2018. Kontrollutvalet har etterspurt ei revidering av økonomireglementet heilt sidan 2014, og er difor tilfreds med at det no er gjennomført.

4.12 Tilsyn frå andre

I tillegg til kontrollutvalet, utfører eksterne forvaltningsorgan tilsyn med Aukra kommune, for eksempel fylkesmannen, helsetilsynet, arbeidstilsynet og arkivverket.

Desse tilsyna kan avdekke avvik eller svakheiter i den kommunale organiseringa og utøvinga av tenesteproduksjonen.

Ein ser det formålstenleg at kontrollutvalet vert orientert om slike tilsyn for å kunne følgje opp at den samla tenesteproduksjonen i Aukra kommune vert kvalitetssikra og forbetra.

Kontrollutvalet har ikkje fått seg førelagt tilsynsrapportar for Aukra Kommune i 2018, men eit brev knytt til tilsyn i nokre kommunar i Møre og Romsdal:

- **Gjennomførte tilsyn sommaren 2017**, brev datert 5.10.2017 frå fylkesmannen i Møre og Romsdal til kommunane om gjennomførte tilsyn med tenestene til enkelte personar som har psykisk utviklingshemming.

Kontrollutvalgssekretariatet har i 2018 deltatt på møter hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal der fokus har vore på samordning av statlige tilsyn og forvaltningsrevisjonar i regi av kontrollutvala. Fylkesmannen har i følgje kommunelova eit samordningsansvar for dette. Frå 2020 vil det bli oppretta ein eigen Tilsynskalender der alle planlagde og gjennomførte tilsyn frå alle statlege tilsynsorgan vil blir samla. Kalenderen skal etter planen også innehalde oversikt over forvaltningsrevisjonar frå kontrollutvala.

5. SAMANDRAG

Kontrollutvalet legg vekt på å vere ein nyttig medspelar i å forbetre kommunen sin eksterne tenesteproduksjon og myndesutøving så vel som dei interne forvaltningsfunksjonar, ved å legge opp til ein konstruktiv tilnærming ut frå kva som er realistisk å oppnå. Kommunen er avhengig av tillit hos innbyggjarane, og ein aktiv og truverdig tilsyns- og kontrollfunksjon kan medverke til å bygge opp om denne tilliten.

Kontrollutvalet har i 2018 framleis fokus på å styrke kontrollutvalet si stilling i den kommunale forvaltninga og overfor innbyggjarane i kommunen. Kontrollutvalet også i 2018 fått innspel frå innbyggjarar til forhold som dei ønskjer at kontrollutvalet skal sjå nærare på.

Utvalet sitt arbeid krev at medlemmene er aktive og set seg inn i til dels kompliserte saker som kan gjelde heile verksemdsområdet til Aukra kommune. Skolering av utvalsmedlemmer er difor viktig.

Som kommunestyret sitt hjelpeorgan i tilsyns- og kontrollspørsmål er kontrollutvalet sitt virke avhengig av å ha legitimitet i kommunestyret, mellom anna for å få gjennomslagskraft for forbetningsforslag og anbefalingar og dermed kunne hjelpe til i arbeidet for at kommunestyret sine målsetningar vert realisert.

Aukra, 25. februar 2019
Kontrollutvalet i Aukra kommune

Oddvar Hoksnes
leiar

Ole Rakvåg
nestleiar

Håkon Inge Sporsheim
medlem

Oddbjørg Sporsheim
medlem

Wilhelm Andersen
medlem

KONTROLLUTVALET I AUKRA KOMMUNE

HANDSAMA SAKER I 2018

Saks nr	Sakstittel	Statuskode
PS 01/18	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 20. NOVEMBER 2017	A
PS 02/18	REFERAT OG ORIENTERINGAR	A
PS 03/18	INTERIMRAPPORT REKNEKAPSREVISJON – REVISJONSÅRET 2017	A
PS 04/18	KONTROLLUTVALET. ÅRSMELDING FOR 2017	A
PS 05/18	MØTEPLAN FOR 2018	A
PS 06/18	OPPFØLGINGSLISTE	A
PS 07/18	EVENTUELT	A
PS 08/18	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 5. FEBRUAR 2018	A
PS 09/18	REFERAT OG ORIENTERINGAR	A
PS 10/18	FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT «OFFENTLIGE ANSKAFFELSER I AUKRA KOMMUNE»	A
PS 11/18	OPPFØLGINGSLISTE	A
PS 12/18	EVENTUELT	A
PS 13/18	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 15.MARS 2018	A
PS 14/18	REFERAT OG ORIENTERINGAR	A
PS 15/18	REKNEKAPSREVISJON. PRESENTASJON AV ÅRSOPPGJER 2017	A
PS 16/18	AUKRA KOMMUNE. ÅRSREKNEKAP FOR 2017	A
PS 17/18	OPPFØLGINGSLISTE	A
PS 18/18	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 8. MAI 2018	A
PS 19/18	REFERAT OG ORIENTERINGAR	A
PS 20/18	AUKRA KOMMUNE. ØKONOMIRAPPORT FOR 1. TERTIAL 2018	A
PS 21/18	RÅDMANNEN SIN PLAN FOR OPPFØLGING AV TILRÅDINGAR I FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT OM OFFENTLEGE ANSKAFFINGAR	O
PS 22/18	OPPFØLGINGSLISTE	A
PS 23/18	EVENTUELT	A
PS 24/18	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 14. JUNI 2018	A
PS 25/18	REFERAT OG ORIENTERINGAR	A
PS 26/18	REVISJONSBREV 1-2018	O
PS 27/18	KOMMUNIKASJONS-/REVISJONSPLAN 2018	O
PS 28/18	ØKONOMIRAPPORT PR 31.08.2018	A
PS 29/18	BUDSJETTFORSLAG FOR 2019 FOR KONTROLL OG TILSYN	A
PS 30/18	OPPFØLGINGSLISTE	A
PS 31/18	EVENTUELT	A
PS 32/18	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 2. OKTOBER 2018	A
PS 33/18	REFERAT OG ORIENTERINGAR	A
PS 34/18	INTERIMRAPPORT REKNEKAPSREVISJON – REVISJONSÅRET 2018	A
PS 35/18	VURDERING AV KONTROLLUTVALET SITT TILSYNSANSVAR FOR REVISJON	A
PS 36/18	BESTILLING AV FORVALTNINGSREVISJON	O
PS 37/18	OPPFØLGINGSLISTE	O
PS 38/18	DELTA KING PÅ KONTROLLUTVALSKONFERANSAR I 2019	O
PS 39/18	EVENTUELT	A

Kode	Forklaring
A	Saka er avslutta
B	Saka er under handsaming
O	Saka vert følgt opp
U	Saka utsatt



Saksframlegg

Utvallssaksnr	Utval	Møtedato
PS 05/19	Kontrollutvalet	25.2.2019

MØTEPLAN FOR 2019

Sekretariatet si tilråding

Følgjande møteplan for 2019 vert godkjend:

Veke	Dato	Møte nr	Saker til behandling
9	25.02.	1/19	<ul style="list-style-type: none">▪ Bestilling av forvaltningsrevisjonsprosjekt▪ Kontrollutvalet si årsmelding for 2018▪ Møteplan for 2019▪ Arbeidsplan 2019 – Kontrollutvalet i Aukra
14	01.04.	2/19	<ul style="list-style-type: none">▪ Verksemdsbesøk?▪ Val av revisor frå 2020▪ Prosjektplan for forvaltningsrevisjonsprosjekt
19	06.05.	3/19	<ul style="list-style-type: none">▪ Kontrollutvalet si fråsegn til årsrekneskap 2018 for Aukra kommune▪ Revidering av reglement for kontrollutvalet
39	25.09.	4/19	<ul style="list-style-type: none">▪ Økonomirapport 1. tertial 2019▪ Forvaltningsrevisjonsrapport?▪ Kommunikasjons-/revisjonsplan for revisjonsåret 2019▪ Budsjett for kontroll og tilsyn for 2019▪ Rapport frå kontrollutvalet si verksemd valperioden 2015-2019
47	18.11.	5/19	<ul style="list-style-type: none">▪ Økonomirapport for 2. tertial 2019▪ Opplæring av nytt kontrollutval▪ Bestilling av overordna analyse for forvaltningsrevisjon 2020-2024

Kontrollutvalet sin leiar, i samråd med sekretariatet, vert gjeve fullmakt til å foreta endringar av møtedatoar dersom det vert naudsynt.

Bakgrunn for saka

Det ikkje fastsett eit tal på møter for kontrollutvala. Ut i frå forventet saksmengde, vert det også i 2019 planlagt 5 møter. Dersom det skulle oppstå situasjonar som tilseier at det likevel vil vere behov for fleire møter i løpet av året, vil dette bli vurdert.

Forslag til møteplan er koordinert med dei andre kontrollutvala sekretariatet betener for å unngå møtekollisjonar, samt Aukra kommune sin møteplan for politiske møter i 2019.

Jane Anita Aspen
daglig leder



Saksframlegg

Utvallssaksnr	Utval	Møtedato
PS 06/19	Kontrollutvalet	25.2.2019

ARBEIDSPLAN 2019. KONTROLLUTVALET I AUKRA KOMMUNE

Sekretariatet si tilråding

Kontrollutvalet godkjenner Arbeidsplan for 2019, med dei endringar som kjem fram i møte. Arbeidsplanen vil fortløpande bli oppdatert av kontrollutvalet.

Bakgrunn for saka

I kontrollutvalet sitt møte 27.9.2017, sak 29/17, vedtok utvalet Plan for kontrollutvalet si verksemd 2017-2019. Dette er ein overordna plan som må konkretiserast i ein årleg arbeidsplan.

Sekretariatet har laga eit forslag til arbeidsplan for 2019, som vil bli diskutert/vurdert i kontrollutvalet i kvart møte.

Vedlagt følgjer:

- Utkast til Arbeidsplan 2019-Kontrollutvalet i Aukra kommune.

VURDERING

Det er lagt opp til 5 møter i 2019, tre møter på våren og to møter på hausten. Kontrollutvalet legg møteplan for heile året i dagens møte sak 07/19.

Arbeidsplanen er bygd opp etter same mal som Plan for kontrollutvalet si verksemd 2017-2019, som utvalet vedtok i kontrollutvalet sitt møte 27.9.2017, sak 29/17.

Det er viktig at utvalet tenker på om det er særskilte områder utvalet ønskjer å fokusere på i 2019, kva som kan vere aktuelle verksemdsbesøk eller orienteringar de ønskjer å få. Kontrollutvalet kan i kvart møte supplere eller endre på kontrollaktivitetar som utvalet ser behov for.

Jane Anita Aspen
daglig leder

ARBEIDSPLAN 2019

KONTROLLUTVALET I AUKRA KOMMUNE



Oppdatert xx.xx.19

Tilsyn med forvaltningen

Møte	Oppgaver knytt til tilsyn med forvaltninga
Løpande rapportering	<ul style="list-style-type: none"> • Kontrollutvalsmedlemmene skal ha tilgang til dokument frå alle politiske utval. • Oddvar Hoksnes og Ole Rakvåg er kommunestyret sine representantar i kontrollutvalet. • Kontrollutvalet har fordelt merksemd på politiske utval slik: <ul style="list-style-type: none"> – Saker frå drift- og arealutvalet- Håkon Inge Sporsheim – Saker frå livsløpsutvalet – Ole Rakvåg og Wilhelm Andersen – Saker frå administrasjonsutvalet – Oddvar Hoksnes – Saker frå formannskapet – Ole Rakvåg • Rapportar frå andre tilsynsorgan og kommunen sitt svar/oppfølging • Sjukefråver • Meldingar til politiet og varslingar
Aktuell informasjon/orienteringar	I den grad tema/områder ikkje blir undersøkt gjennom bestilling av forvaltningsrevisjon, kan det vere aktuelt å be om tilbakemeldingar frå administrasjonen på ulike områder, bl.a. ut frå overordna analyse for forvaltningsrevisjon. Slik informasjon blir spesifisert under kvart enkelt møte. Saker til oppfølging vil også gå fram av oppfølgingslista til kontrollutvalet
25.02.19	<ul style="list-style-type: none"> • Arbeidsplanplan 2019 – Kontrollutvalet i Aukra • Barnevernstenestene – tilbakemelding på samhandling • Status implementering av av GDPR
01.04.19	<ul style="list-style-type: none"> • Få skatteoppkrevjaren sin årsrapport for 2018 og kontrollrapport frå Skatteetaten til orientering • Verksemdbesøk/orientering frå einingsleiar?
06.05.19	•
25.09.19	• Økonomirapport 1. tertial
18.11.19	<ul style="list-style-type: none"> • Økonomirapport 2. tertial • Opplæring av nytt kontrollutval

Kontrollutvalet sine oppgaver i samband med regnskapsrevisjon.

Møte	Oppgaver knytt til rekneskapsrevisjon
	Utgangspunktet for oppgåvene er i hovudsak knyt til reglane i kap. 4 i forskrift om kontrollutval.
25.02.19	•
01.04.19	•
06.05.19	<ul style="list-style-type: none"> • Kontrollutvalet sin uttale til årsrekneskapan for 2018, Aukra kommune • Årsavslutningsbrev for revisjonsåret 2018.
25.09.19	• Orientering om revisjonsstrategien for revisjonsåret 2019.
18.11.19	<ul style="list-style-type: none"> • Interimrapport rekneskapsrevisjon, rekneskapsåret 2019 (ev. i det første møte i 2020). • Sluttrekneskap investeringsprosjekt?

Kontrollutvalet sine oppgaver i samband med forvaltningsrevisjon.

Møte	Oppgaver knytt til forvaltningsrevisjon
	Utgangspunktet for oppgåvene er plan for forvaltningsrevisjon og reglane i kap. 5 i forskrift om kontrollutval.
25.02.19	<ul style="list-style-type: none"> • Status oppfølging av forv.rev.rapport om Offentlege anskaffingar • Bestilling av forvaltningsrevisjonsprosjekt
01.04.19	• Prosjektplan forvaltningsrevisjonsprosjekt
06.05.19	•

Møte	Oppgaver knytt til forvaltningsrevisjon
25.09.18	<ul style="list-style-type: none"> • Forvaltningsrevisjonsrapport
18.11.19	<ul style="list-style-type: none"> • Bestilling av overordna analyse for forvaltningsrevisjon 2020-2024

Kontrollutvalet sine oppgaver i samband med selskapskontroll.

Møte	Oppgaver knytt til selskapskontroll
	Utgangspunktet for oppgåvene er plan for selskapskontroll og reglane i kap. 6 i forskrift om kontrollutval
25.02.19	<ul style="list-style-type: none"> •
01.04.19	<ul style="list-style-type: none"> •
06.05.19	<ul style="list-style-type: none"> •
25.09.19	<ul style="list-style-type: none"> •
18.11.19	<ul style="list-style-type: none"> •

Tilsyn med revisjonen

Møte	Oppgaver knytt til tilsyn med revisjonen
	Revisjonen rapporterer om si verksemd ved behov. Revisjonsplan for Aukra kommune er til ei kvar tid tilgjengeleg for kontrollutvalet. Utgangspunktet for oppgåvene er bl.a. relatert til reglane i koml. § 77 nr. 4.
25.02.19	<ul style="list-style-type: none"> •
01.04.19	<ul style="list-style-type: none"> • Val av revisor 2020
06.05.19	<ul style="list-style-type: none"> • Dialogmøte med revisjonen om «Honorar for gjeldande år» (2019)
25.09.19	<ul style="list-style-type: none"> • Oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor sin vurdering av uavhengigheit for Aukra kommune for revisjonsåret 2019. • Openheitsrapport frå revisjonen • Vurdering av kontrollutvalet sitt tilsynsansvar for rekneskapsrevisjon
18.11.19	

Budsjettbehandlinga

Møte	Oppgaver knytt til budsjettbehandlinga
	Utgangspunktet for oppgåvene er reglane i forskrift om kontrollutval § 18.
25.02.19	<ul style="list-style-type: none"> •
01.04.19	<ul style="list-style-type: none"> •
06.05.19	<ul style="list-style-type: none"> •
25.09.19	<ul style="list-style-type: none"> • Forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet for 2020 for kontrollutvalet.
18.11.19	<ul style="list-style-type: none"> •

Kontrollutvalet si rapportering

Møte	Oppgaver knytt til Kontrollutvalet si rapportering
	Utgangspunktet for oppgåvene er bl.a. relatert til reglane i koml. § 77 nr. 6.
25.02.19	<ul style="list-style-type: none"> • Kontrollutvalet sin årsrapport for 2018 vert behandla og sendt kommunestyret til orientering. • Oppfølging av tilrådingar i forvaltningsrevisjonsrapportar/selskapskontrollar skal gå

Møte	Oppgaver knytt til Kontrollutvalet si rapportering
	fram av kontrollutvalet sin årsrapport.
01.04.19	•
06.05.19	•
25.09.19	• Rapport frå kontrollutvalet si verksemd valperioden 2015-2019
18.11.19	•



Saksframlegg

Utvallssaksnr	Utval	Møtedato
PS 07/19	Kontrollutvalet	25.2.2019

OPPFØLGINGSLISTE

Sekretariatet si tilråding

Følgjande saker vert ført opp på oppfølgingslista:

Bakgrunn for saka

Ei slik oppfølgingsliste er eit reiskap for kontrollutvalet for å ha oversikt på status for saker utvalet ønskjer å følgje opp eventuelt å ha til observasjon.

Kontrollutvalet vedtek sjølv endringar i lista. Det vil seie endring i status for ei sak:

- Som nytt punkt
- Endringar i punkt (grunna orienteringar gjeve eller saka er handsama som eigen ordinær sak i møte)
- Punktet går ut (saka vert rekna for avslutta frå kontrollutvalet si side)

Vedlagt følgjer:

- ajournert oppfølgingsliste pr. 10.12.2018.

I dette møtet er det lagt opp til følgjande orienteringar frå administrasjonen knytt til oppfølgingslista:

- **Barnevernstenester**
- **Informasjonssikkerheit**
- **Forvaltningsrevisjonsrapport «Offentlige anskaffelser i Aukra kommune»**

VURDERING

Av saker som kontrollutvalet har hatt oppe og som det er formålstenleg vert satt opp på oppfølgingslista for vidare oppfølging av status i saken, er mellom anna følgjande:

Oppfølging av politiske vedtak

Kontrollutvalet ønskjer å få framlagt oversikt over politiske vedtak som av ulike årsaker ikkje er vorte satt i verk innan rimeleg tid. Oversikta skal gjere greie for vedtak fatta av politiske utval med avgjerdsmynde. Hensikta med å få ei slik oppstilling er å sjå til at administrasjonen sett i verk og gjennomfører vedtak som er gjort. Kontrollutvalet har oppmoda om at ei slik oversikt vert lagt inn i tertialrapporteringa til kommunestyret, rådmannen har valt å ikkje følgje opp denne oppmodinga.

Barnevernstenester

Barnevernstenesta er ei interkommunal teneste for Molde, Midsund, Aukra og Eide kommunar, med Molde kommune som vertskommune.

Kontrollutvalet vart i møte 3.5.2017 gjort kjent med foreløpige KOSTRA-tal 2016, som viser at Aukra kommune har mange fristbrot. Det har også dei andre kommunane som er med i barnevernssamarbeidet. Sidan dette er 2016-tal, ønskjer kontrollutvalet ei oppdatering frå administrasjon om situasjonen når det gjeld barnevern.

Tertialrapport 1. tertial 2017 viser at behov for fleire barnevernstiltak fører til ei auke i utgifter på 3 742 000.- frå 4 038 000.- til 7 780000.-, dvs. nesten 100 % auke.

Arbeidsmiljøutvalet (AMU)

Kontrollutvalet har merka seg i Aukra kommune sin årsrapport for 2016 at AMU i 2016 ikkje hadde gjennomført møter. Etter arbeidsmiljølova skal kommunen ha eit slikt utval.

Arbeidsmiljølova gjev reglar for kva type saker AMU skal behandle. På bakgrunn av dette ønskjer kontrollutvalet å følgje opp korleis arbeidet i arbeidsmiljøutvalet fungerer.

Grunnskoleområdet

Kontrollutvalet fekk i 2016 framlagt tilsynsrapporten «Skolen sitt arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa, Aukra kommune – Gossen barne- og ungdomsskole» Tilsynet viste (3 avvik). Kontrollutvalet ønskjer årleg å få framlagt kommunen sin tilstandsrapport for grunnskoleområdet, for å følgje med på utvikling på området.

Omstillingsprosessen i omsorgstenestene i Aukra kommune

Fylkeslegen hadde i 2016 tilsyn og avdekt følgjande; Avvik 1: Aukra kommune sikrar ikkje at tilsette har nødvendig kunnskap om pasient- og brukerrettighetsloven kapittel 4A. Avvik 2: Aukra kommune sikrar ikkje at helsehjelp til pasientar i sjukeheim blir vurdert i tråd med reglane i pasient- og brukerrettighetsloven kapittel 4A. Tidlegare forvaltningsrevisjonsrapport «Kvalitet i sykehjemstjenster i Aukra kommune» avdekte også utfordringar med å sikre tilstrekkeleg bemanning og kompetanse ved Aukraheimen. I 2017 har det vore uro knytt til ny arbeidstidsordning ved Aukraheimen og i 2018 vart det nye omsorgssenteret tatt i bruk. Utvalet ynskjer difor å følgje utviklinga.

Informasjonssikkerheit

Kontrollutvalet ønskjer å følgje temaet informasjonssikkerheit vidare, då dette generelt vert opplevd som eit risikoområde med det fokus som er på digitalisering i kommunane. Kommunen har etter at forvaltningsrevisjonsprosjekt på området vart gjennomført i 2015 utarbeidd rutinar og retningslinjer, som kontrollutvalet ønskjer å følgje opp at vert implementert i heile organisasjonen. Kommunane står og føre store utfordringar med innføring av ny personvernforordning (GDPR).

Forvaltningsrevisjonsrapport «Offentlige anskaffelser i Aukra kommune»

Kontrollutvalet behandla i møte 15.3.2018 sak 10/18 Forvaltningsrevisjonsrapport «Offentlige anskaffelser i Aukra kommune». Kontrollutvalet innstilte til kommunestyret som behandla saka i møte 17.4.2018 i k-sak 29/18.

Tilrådingane var knytt til følgjande områder:

- Tiltak for etterleving av regelverket
- Anskaffingar etter regelverket
- Bruk av rammeavtalar
- Organisering av området

Kommunestyret bad rådmannen om å syte for at tilrådingane blir følgt og påsjå at arbeidet vert gjennomført.

Kommunestyret bad rådmannen om å gje kontrollutvalet ein skriftleg plan for oppfølging av tilrådingane, slik at planen kunne behandlast i kontrollutvalet sitt møte 14. juni 2018.

Jane Anita Aspen
daglig leder

SAKSOPPFØLGING

(å jour pr.10.12.2018)

Saker som er tatt opp:	Merknad:	Status:
<p>27.02.14 Revidering av gjeldande økonomireglement i Aukra kommune Ansvar: Adm./sekr</p>	<p>Eit økonomireglement skal beskrive hovudreglane for den økonomiske styringa av kommunen si verksemd. Reglementet bør klargjere ansvaret mellom det politiske og det administrative nivået i kommunen og beskrive kommunen sine interne reglar og fullmakter. Økonomireglementet bør innehalde kommunen sine vedtak om økonomiplan, budsjett, rapportering, rekneskap og årsrapport. Økonomireglementet kan supplere delegeringsreglementet når det gjeld økonomisaker. Aukra kommune sitt økonomi-reglement er frå 2005 og vart revidert i desember 2009. Eit økonomireglement bør rullerast og oppdaterast jamleg.</p>	<p>27.02.14: Kontrollutvalet vil oppmode administrasjonen i kommunen om å revidere gjeldande økonomireglement slik at det er i samsvar med praksis. 01.07.14: Sekretæren skriv til kommunen og ber om at økonomireglementet vert revidert. 02.10.14: Økonomisjef Erna Varhaugvik orienterte. Økonomiavdeling har ikkje kapasitet i inneverande år å sette i gang arbeidet med revidering av gjeldande økonomireglement. 23.04.15: Kontrollutvalet vil be administrasjonen om ein statusrapport til neste møte. 11.06.15: Kontrollutvalet vil be administrasjonen om ein statusrapport til neste møte. 18.09.15: Rådmann orienterte. Bemanningssituasjonen i økonomiavdelinga har vore vanskeleg og avdelinga har av den grunn ikkje sett seg i stand til å prioritere dette arbeidet. Det er vurdert å kjøpe konsulenttenester for å fullføre arbeidet med revidering av økonomireglementet. Kontrollutvalet ser ikkje grunn for at kommunen skal få auka kostnadar ved kjøp av konsulenttenester og ber administrasjonen om å utsette dette arbeidet til bemanninga i avdelinga er tilfredstillande. Kontrollutvalet vil be administrasjonen om ein ny statusrapport til første møte i 2016. 17.02.16: Kontrollutvalet ønskjer i neste KU-møte å gjere ei gjennomgang av økonomireglementet, for å vurdere om dette er ei sak som kontrollutvalet framleis ønskjer å følgje opp. 25.04.16: Rådmann og økonomisjef svarte på spørsmål i dagens møte, jf. OS 08/16. Kontrollutvalet konkluderer med at dei har tillit til at økonomireglementet vert revidert, og at det er viktig at det gjeldande økonomireglementet vert fulgt. 20.11.17: Rådmannen har i sitt framlegg til budsjett og økonomiplan lagt inn at reglementet skal reviderast innan mars 2018. 08.05.18: Rådmannen opplyser at arbeidet er forseinka, men at reglementet truleg kjem</p>

		<p>opp til handsaming i kommunestyre i juni eller over sommaren.</p> <p>14.06.18: Kontrollutvalet forventar at det føreligg eit revidert økonomireglement til kontrollutvalsmøte i oktober.</p> <p>02.10.18: Det vart frå økonomisjef og rådmann opplyst at det vert arbeidd med å få ferdig økonomireglementet til desember/januar.</p> <p>10.12.18: Økonomisjefen presenterte det nye reglementet som skal vedtakast i kommunestyret 13.12.18. Reglementet vart ettersendt som referatsak til dagens møte jf. RS 40/18. Kontrollutvalet avsluttar oppfølging av saka.</p>
<p>25.02.15 Oppfølging av politiske vedtak Ansvar: Adm.</p>	<p>Kontrollutvalet ønskjer å få framlagt oversikt over politiske vedtak som av ulike årsaker ikkje er vorte satt i verk innan rimeleg tid. Oversikta skal gjere greie for vedtak fatta av politiske utval med avgjerdsmynde. Hensikta med å få ei slik oppstilling er å sjå til at administrasjonen sett i verk og gjennomfører vedtak som er gjort. Kontrollutvalet har oppmoda om at ei slik oversikt vert lagt inn i tertialrapporteringa til kommunestyret, rådmannen har valt å ikkje følgje opp denne oppmodinga.</p>	<p>25.02.15: Sekretær vert beden om å skrive til rådmann og be om å få oversendt ei oversikt over politiske vedtak fatta i perioden 01.01.2010 – 31.12.2014 som av ulike årsaker ikkje er sett i verk.</p> <p>23.04.15: Sekretæren har sendt brev til Aukra kommune 18.03.2015 og bedt om å få framlagt slik oversikt. Saka vil truleg komme opp i utvalet sitt neste møte.</p> <p>11.06.15: Sekretæren har vore i dialog med politisk sekretariat i Aukra kommune vedr. arbeidet med å lage ei oversikt over politiske vedtak i perioden 2010 – 2014 som ikkje er sett i verk. Saka vil truleg komme opp i utvalet sitt første møte til hausten.</p> <p>18.09.15: Oppfølging av politiske vedtak vart lagt fram som eigen sak i dagens møte, jfr. sak PS 30/15.</p> <p>09.06.16: Kontrollutvalet ønskjer å få framlagt ei slik oversikt i kontrollutvalet sitt møte i september 2016.</p> <p>15.09.16: Kontrollutvalet fekk framlagt oversikt i dagens møte, jf. Sak 27/16. Utvalet oppmodar om at oversikt vert lagt inn i perioderapporteringa til K-styret.</p> <p>03.05.17: KU fatta i 2016 vedtak om å oppmode til at oppfølginga vert lagt inn i perioderapporteringa til kommunestyret. Sekretariatet har mottatt lister over vedtaksoppfølging frå adm., og har spurt om det betyr at oppmodinga ikkje blir følgt. Dersom oppfølging av vedtak ikkje vert lagt i perioderapportering, så får utvalet framlagt oversiktene i eiga sak i neste møte.</p> <p>14.06.17: Kontrollutvalet behandla oppfølginga i dagens møte, jf. sak 19/17. Utvalet ønskjer i neste møte å få ei statusoppdatering på kvifor sakene</p>

		<p>ikkje er avslutta og kva som står att av arbeid knytt til dei sakene som ligg som restansar i 2016 og tidlegar.</p> <p>27.09.17: Utvalsmedlemmene hadde før møtet fått ettersendt liste med statusoppdatering på kvifor sakene ikkje er avslutta og kva som står att av arbeid knytt til dei sakene som ligg som restansar i 2016 og tidlegare. Det var ikkje tid til å gjennomgå listene i møte.</p> <p>20.11.17: Sekretær gjekk gjennom lista, som det ikkje var tid til å gjennomgå i førre møte. Utvalet har merka seg at rådmannen ikkje har følgd oppmodinga frå kontrollutvalet om å legge status for oppfølging av politiske vedtak inn i tertialrapporteringa til kommunestyret som fast post.</p> <p>15.02.18: Kontrollutvalet hadde til dagens møte, jf. sak 06/18, fått framlagt liste over politiske vedtak som ikkje er sett i verk. Det er 3 saker knytt til Drift og arealutvalet som er naturleg ikkje er avslutta. Sak om skogrydding knytt til vedtak i kommunestyret i 2013 er ikkje sett i verk. Rådmannen vil følgje opp saka. Når det gjeld oversikt over oppfølging av vedtak i tertialrapporteringa, så opplyser rådmannen at ho ikkje vil følgje oppmodinga om dette. Rådmannen vil sørge for at det vert lagt fram sak om vedtak som ikkje er følgd opp i same møte som tertialrapportane.</p> <p>15.03.18: Utvalet ønskjer i møte 3.5.18 svar frå rådmannen om korleis saka om skogrydding vert følgd opp. Det er også ønskeleg at skogbruksfagleg kompetanse er tilstades i møte for å orientere og svare på spørsmål.</p> <p>08.05.18: Utvalet fekk i møte utdelt oppdatert liste med status for vedtaksoppfølging. Utvalet ønskjer at det i merknadsfeltet vert gjeve konkret informasjon om status. Fagsjef plan, Kjell Lode, orienterte kontrollutvalet i dagens møte, jf. OS 04/18. Det blir no lagt fram sak for kommunestyret der det blir skissert vidare handtering av skogryddingssaka.</p> <p>10.12.18: Nestleiar Ole Rakvåg opplyste at det er lagt inn midlar til Forvaltningsplan skog i budsjettet.</p>
<p>14.06.17 Arbeidsmiljøutvalet (AMU) Ansvar: Adm./sekr./</p>	<p>Kontrollutvalet har merka seg i Aukra kommune sin årsrapport for 2016 at AMU i 2016 ikkje hadde gjennomført møter. Etter</p>	<p>14.06.17: Kontrollutvalet hadde til dagens møte bedt om orientring om korleis arbeidstakar og arbeidsgjevarsida ser på bruk av AMU og kvifor det ikkje var</p>

	<p>arbeidsmiljølova skal kommunen ha eit slikt utval. Arbeidsmiljølova gjev reglar for kva type saker AMU skal behandle. På bakgrunn av dette ønskjer kontrollutvalet å følgje opp korleis arbeidet i arbeidsmiljøutvalet fungerer.</p>	<p>avvikla møter i AMU i 2016, jf. OS 16/17. Kontrollutvalet ønskjer å få ei oppdatering i neste møte der også representantar frå dei tilsette i AMU deltar. 27.09.17: Ordførar, fung.rådmann, personalkonsulent og fire medlemmer frå AMU deltok i dagens møte, sjå OS 17/17. Utvalet ønskjer å fortsatt følgje med på AMU sitt arbeid og resultatet av arbeidsmiljøundersøkinga ved Aukraheimen. 20.11.17: Kontrollutvalet ønskjer i neste møte ei orientering om resultatet frå arbeidsmiljøundersøkinga ved Aukraheimen. 15.02.18: Rådmannen ønskjer ikkje at møteinnkallingar og protokollar frå AMU sine møter vert publisert på kommunen si heimeside, men kontrollutvalet vil få tilsendt møteinnkallingar og protokollar. 10.12.18: Kontrollutvalet ønskjer at det vert protokollert om dei som møter i AMU stiller frå arbeidsgjevar- eller arbeidstakersida. Kontrollutvalet vil sende eit brev til AMU om deira oppfølging av arbeidet i AMU.</p>
<p>14.06.17 Barnevernstenester Ansvar: Adm./sekr</p>	<p>Barnevernstenesta er ei interkommunal teneste for Molde, Midsund, Aukra og Eide kommunar, med Molde kommune som vertskommune. Kontrollutvalet vart i møte 3.5.2017 gjort kjent med foreløpige KOSTRA-tal 2016, som viser at Aukra kommune har mange fristbrot. Det har også dei andre kommunane som er med i barnevernssamarbeidet. Sidan dette er 2016-tal, ønskjer kontrollutvalet ei oppdatering frå administrasjon om situasjonen når det gjeld barnevern. Tertialrapport 1. tertial 2017 viser at behov for fleire barnevernstiltak fører til ei auke i utgifter på 3 742 000.- frå 4 038 000.- til 7 780000.-, dvs. nesten 100 % auke.</p>	<p>14.06.17: Kontrollutvalet ønskjer i neste møte ei statusoppdatering når det gjeld fristbrot, info om bakgrunnen for den store kostnadsauken og status etter administrasjonen sitt avtalte møte med barnevernstenesta i Molde kommune. 27.09.17: Utvalet fekk ei statusoppdatering frå leiar i Barnevernstjenesten for Molde, Midsund, Aukra og Eide, jf. OS 19/17. 08.05.18: Rådmannen skal delta i årleg statusmøte med barnevernstenesta 1. juni. I møte vil ein m.a. ta opp KOSTRA-tala som viser at Aukra ligg dårlegare ann enn vertskommunen. Rådmannen vil gje tilbakemelding til utvalet etter statusmøte. 14.06.18: Rådmannen gav utvalet tilbakemelding etter statusmøte med barnevernstenesta. Ho seier ho er trygg på at dei jobbar systematisk, og ser ikkje grunn til uro. Rådmannen vil følgje med på utviklinga. Ho er litt bekymra for den organisasjonsendringa som er venta (Eide ut/Vestnes inn), då slike endringar alltid medfører risiko. 10.12.18: Kontrollutvalet fekk i dagens møte, jf. RS 34/18 framlagt Barnevernstenesta si rapportering for Aukra kommune 1. halvår 2018. Utvalet ønskjer at rådmannen undersøker, og gjev tilbakemelding til utvalet, om barnehagar</p>

		og skular i Aukra kommune er fornøgd med den samhandlinga dei har med barnevernstenesta.
15.02.18 Grunnskoleområdet Ansvar: Adm./sekr	Kontrollutvalet fekk i 2016 framlagt tilsynsrapporten «Skolen sitt arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa, Aukra kommune – Gossen barne- og ungdomsskole» Tilsynet viste (3 avvik). Kontrollutvalet ønskjer årleg å få framlagt kommunen sin tilstandsrapport for grunnskoleområdet, for å følgje med på utvikling på området.	08.05.18: Tilstandsrapporten er no klar og vil bli lagt fram for kontrollutvalet i neste møte. Rådmannen informerer om at ho for neste år ønskjer å legge fram ein tilstandsrapport for heile oppvekstområdet. 14.06.18: Utvalet fekk framlagt tilstandsrapport for grunnskolen i Aukra 2017 og pedagogisk rådgjevar orienterte jf. OS 06/18.
15.02.18 Omstillingsprosessen i omsorgstenestene i Aukra kommune Ansvar: Adm./sekr	Fylkeslegen hadde i 2016 tilsyn og avdekt følgjande; Avvik 1: Aukra kommune sikrar ikkje at tilsette har nødvendig kunnskap om pasient- og brukerreteighetsloven kapittel 4A. Avvik 2: Aukra kommune sikrar ikkje at helsehjelp til pasientar i sjukeheim blir vurdert i tråd med reglane i pasient- og brukerreteighetsloven kapittel 4A. Tidlegare forvaltningsrevisjonsrapport «Kvalitet i sykehjemstjenster i Aukra kommune» avdekte også utfordringar med å sikre tilstrekkeleg bemanning og kompetanse ved Aukraheimen. I 2017 har det vore uro knytt til ny arbeidstidsordning ved Aukraheimen og i 2018 skal det nye omsorgssenteret takast i bruk. Utvalet ynskjer difor å følgje utviklinga.	15.02.18: Kontrollutvalet fekk orientering i dagens møte, jf. OS 01/18, knytt til arbeidsmiljøprosjektet ved Aukraheimen. 08.05.18: Rådmannen opplyser at nye turnusar er på plass. Ein har fått på plass AMU for Institusjonstenestene og verneombod, men ein manglar framleis hovudtillitsvald for sjukepleiarane. 14.06.18: Nestleiar hadde fått eit eksemplar av ei brosjyre «Aukra omsorgssenter», brosjyra vert arkivert i kontrollutvalet sitt arkiv. 02.10.18: Kontrollutvalet drøfta i dagens møte sak 31/18 Eventuelt, nokre spm. stilt av utvalsmedlem Wilhelm Andersen knytt til omsorgssenteret. Utvalet konkluderer med at utvalet forstår det slik at Administrasjonsutvalet følgjer opp situasjonen ved omsorgssenteret tett. Utvalet følgjer med på dette arbeidet.
15.02.18 Informasjonssikkerheit Ansvar: Adm./sekr	Kontrollutvalet ønskjer å følgje temaet informasjonssikkerheit vidare, då dette generelt vert opplevd som eit risikoområde med det fokus som er på digitalisering i kommunane. Kommunen har etter at forvaltningsrevisjonsprosjekt på området vart gjennomført i 2015 utarbeidd rutinar og retningslinjer, som kontrollutvalet ønskjer å følgje opp at vert implementert i heile organisasjonen. Kommunane står og føre store utfordringar med innføring av ny personvernforordning (GDPR),	15.02.18: Kontrollutvalet fekk i dagens møte orientering knytt til oppfølging av attståande arbeid med å implementere rutinar, inngåing av databrukaravtalar og avvikshandtering, jf. OS 02/18, 08.05.18: Rådmannen opplyser at innføringa av GDPR er utsett til 01.07.2018. 10.12.18: Kontrollutvalet ønskjer i først møte i 2019 å få ein statusrapport frå rådmannen knytt til implementering av nytt personvern regelverk.

<p>10.12.18 Forvaltningsrevisjonsrapport «Offentlige anskaffelser i Aukra kommune»</p> <p>Ansv.:Adm./sekr.</p>	<p>som vil tre i kraft frå 25.05.18</p> <p>Kontrollutvalet behandla i møte 15.3.2018 sak 10/18</p> <p>Forvaltningsrevisjonsrapport «Offentlige anskaffelser i Aukra kommune». Kontrollutvalet innstilte til kommunestyret som behandla saka i møte 17.4.2018 i k-sak 29/18.</p> <p>Tilrådingane var knytt til følgjande områder:</p> <ul style="list-style-type: none"> -Tiltak for etterleving av regelverket -Anskaffingar etter regelverket -Bruk av rammeavtalar -Organisering av området <p>Kommunestyret bad rådmannen om å syte for at tilrådingane blir følgt og påsjå at arbeidet vert gjennomført.</p> <p>Kommunestyret bad rådmannen om å gje kontrollutvalet ein skriftleg plan for oppfølging av tilrådingane, slik at planen kan behandlast i kontrollutvalet sitt møte 14. juni 2018.</p>	<p>10.12.18: Utvalet ønskjer ein statusrapport frå arbeidet i første møte i 2019</p>
--	--	---



Saksframlegg

Utvallssaksnr	Utval	Møtedato
PS 08/19	Kontrollutvalet	25.2.2019

EVENTUELT

Verksemdsbesøk/orientering frå einingsleiar

I kontrollutvalet sin møteplan er det sett av tid til besøk i ei kommunal verksemd. Alternativt kan ein einingsleiar inviterast til å gje informasjon om si eining. Utvalet sine medlemmar bør før møtet tenke gjennom kva for kommunal verksemd det kan vere aktuelt å besøke eller få informasjon om. Dersom dette skal skje i utvalet sitt møte 1.4.2019, så må dette avklarast i dagens møte. Det må også i møte førebuast stikkord/problemstillingar som verksemda ein ønskjer å vitje kan få tilsendt på førehand.

Spørsmål frå Wilhelm Andersen

Utvalsmedlem Wilhelm Andersen fremja i førre møte følgjande spørsmål som kontrollutvalet vart oppmoda om å følgje opp:

- Med stadig økende krav til bruk av digitale henvendelser til kommunen, er vi tjent med kommunes hjemmeside?
- Videooverføring fra kommunestyremøtene er i store perioder uten lyd.
- Er det rutiner for sikring og vedlikehold av kommunale veier?
- Er det rutiner for vedlikehold av kommunale bygninger og leiligheter?

Utvalet utsette til dagens møte, å ta stilling til eventuelt oppfølging.

Jane Anita Aspen
daglig leder